ÅRSMELDING
2017 FOR
OSTERØY KOMMUNE

Innhold

ÅRSMELDING 2017, OSTERØY KOMMUNE 1
Rådmannen sitt forord 2
Økonomisk status 2
Personalstatus 8
ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING 10
OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR 11
Skule 12
Barnehage 16
Familiens hus 19
Helsestasjonen og skulehelsetenesta 24
Bibliotek 26
Kulturskulen 27
Vaksenopplæringa/Eining for integrering og bustad 29
HELSE, OMSORG OG SOSIAL 32
Sektoren omfattar følgjande einingar: 32
Helse: legetenester og ergo/fysioterapi 32
NAV 32
Osterøytunet 32
Psykisk helse og rusomsorg 32
Heimetenesta 32
Bu- og avlastningstenesta 1 og 2 32
BPA, støttekontakt, omsorgsløn 35
Helse, lege, ergo- og fysioterapitenester 36
Nav sosial 38
Osterøytunet 39
Psykisk helse og rus 42
Heimetenesta 43
Bu- og avlastningstenesta 44
MILJØ OG TEKNIKK 46
Brann- og redning, feiarteneste 48
Kommunale bygg 48
Vatn, avlaup 51
RÅDMANNEN SIN STAB 52
Plan 52
Folkehelsekoordinator 53
Frivilligkoordinator 54
GIS-koordinator 54
Teknisk forvaltning 54
Byggesak 54
Kart og oppmåling 55

Landbruk 57
Service, informasjon og dokumentsenter 58
Reinhaldstenesta 60
Løn, personal og organisasjon 60
Økonomikontoret 62
Politisk-adm. sekretariat 62
Samfunnsmedisinsk eining 63
Koordinerande eining 63

Administrativ organisering



Politisk organisering



Rådmannen sitt forord

Så er også 2017 historie. Takk til alle tilsette og folkevalde som har stått på for at innbyggjarane i Osterøy skal få gode tenester. Vi har fått utretta mykje, takka vere alle som har stått på.
2017 var på sett og vis eit positivt år. Vi er ein av dei få kommunane som hadde folkevekst. Rekneskapen er avslutta med eit lite overskot på 2,6 mill kr. Vi er glade for å kunne leggje fram eit rekneskap som syner pluss. Lenge såg det ut til at 2017 rekneskapen vill ende med eit relativt stor meirforbruk. Heldigvis vart vi redda av ein skatteinngang som var langt betre enn prognosane også i 2017. Viktige planar vart vedtekne eller ferdigstilt slik som områdeplan for Valestrand og Sjø og stradsoneplan (endeleg vedteke i 2018,) og vi kom godt i gang andre planar og prosjekt.
2017 var og eit år der vi ser kor små og sårbare vi er når ulukka er ute. Vi har så lite å stille opp med når naturkreftene herjar med oss. Likevel ser vi at lokalsamfunna tek godt vare på sine og støttar opp på ein fantastisk måte når nokon treng det.
Det er så lett å henge seg opp i alt som ikkje er slik vi ynskjer eller fungerer slik vi vil det skal gjere. Vi gløymer at dei fleste dagane så går ting slik det skal. Vi har i all hovudsak gode tenester og eit trygt samfunn. Så må vi jobbe for å rette på det som ikkje er bra.
Vi har brukt mykje tid og ressursar på arbeid med overordna ROS i 2017. Vi kom ikkje heilt i mål, men har lagt eit godt grunnlag slik at dette kan vli ferdigstilt og politisk handsama i 2018.
Ei av dei store utfordringane i 2017 var å finne orsaka til at det var så stor ubalanse mellom budsjett og forbruk i helse og omsorgsektoren. Det vart sett i gang eit større arbeid med karleggig og analayse leia av sektorleiar, og med ei politisk arbeidsgruppe. Gjennom arbeidet kom det opp mange konkrete tiltak som sal fylgjast opp i 2018. Målet er å finne eit rett nivå på dei ulike tenestene innan sektoren. Til no synes det som det har vore ein viss ubalandse mellom tildete ressursar og reelt behov. Det har heller ikkje vore samsvar mellom budsjettert nivå og faktisk bruk.
Parrallelt med analyse av ressursbruk og tenesteanalyse starta den digitale reisa i helse og omsorg sektoren. Osterøy kommune er med i eit fellesprosjekt med dei andre kommunane i Nordhordland, implementering av velferdsteknologi. Målet er å ta i bruk teknologi der dette er tenleg for å kunne yte enda betre og meir rett tilpassa tenester til innbyggjarane våre. Vi er spente på effektane av dette.
Oppvekstsektoren har igjen levert gode restulat. Sektoren jobbar godt på mange plan, både med barnehage, grunnsklule, barnevern og tverrfaglig teneste. I 2017 vart og arbeidet med flyktningar ein del av sektoren sit ansvarsområde.
Miljø og teknikk har og levert eit godt resultat. Vi varsla vi eit potensielt stort meirforbruk, men sektoren kom ut om lag som budsjettert. Då signala om meirforbruk kom vart det sett i verkt tiltak for å dempe meirforbruket. Desse tiltaka har virka i 2017, men uløyste oppgåver er skuva frammfør oss inn i 2018.

Ingvild Hjelmtveit

Økonomisk status

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

Driftsutgiftene

Samla driftsutgift i Osterøy kommune auka med 4,7 % frå 2016 til 2017. Lønsutgiftene utanom sosiale kostnader (pensjon og arbeidsgjvevaravgift) auka med 4,3 %.

Utgiftsauken i Osterøy er høgare enn lønsauken i kommunane i landet og prisauken i landet. Årslønnsvekst i kommunane frå 2016 til 2017 var 2,4 % og prisauken i landet var 1,8 %. Dette illustrerer såleis ein auka aktivitet i kommunen. Tenesteområde/funksjonar i kommunen med størst auke i utgiftene:

- Utgifter til Kostra-funksjon 201 Førskule
- Utgifter til Kostra-funksjon 242 Sosial, rådgjeving og rettleiing
- Utgifter til Kostra-funksjon 241 Diagnose, behandling og rehabilitering
- Utgifter til Kostra-funksjon 301 Planarbeid
- Utgifter til Kostra-funksjon 281 Økonomisk sosialhjelp

Sentrale inntektspostar

Frie disponible inntekter i rekneskapsskjema 1A syner ein auke på kr 18,7 millionar, noko som utgjer 4,3 %. Det er skatteinntekt og auka eigedomsskatt som har gjeve denne inntektsauken. Skatteinngangen i Osterøy og landet auka mykje meir enn lagt til grunn i 2017, og bidrog såleis sterkt til at det vart eit bra resultat, sjølv om det vart eit stort meirforbruk på rammeområda samla. Sjå lenger nede.

Finanspostane

Finanspostane sin andel av driftsrekneskapen er sterkt aukande. Dette har samanheng med stor investeringsaktivitet som i hovudsak er lånefinansiert. Kommunen har lite midlar til disposisjon til å finansiere investeringane, og det meste vert lånefinansiert. Det er avdragsutgiftene som aukar mest. Auken i renteutgifter er førebels dempa av det låge rentenivået. Frå 2016 til 2017 auka dei samla finanspostane frå 20,1 millionar til 23,0 millionar. Det er ein auke på kr 2,9 millionar og utgjer 14,3 %. Til tross for stor auke syner rekneskapen mindreutgift i høve til budsjettet. Både god likviditet og meirinntekt på rente/avkastning og låg renteutgift bidrar til positivt avvik på finanspostane på om lag kr 1,8 millionar i rekneskapsskjema 1A.

Samla driftsinntekt

Samla driftsinntekt auka med 3,9 % frå 2016 til 2017. Dette er 0,4 % lågare enn auken i dei samla driftsutgiftene.

Økonomisk resultat

Brutto- og netto driftsresultat

Brutto driftsresultat 2017 - kr 1,8 millionar. (2016: +kr 2,9 mill)
Netto driftsresultat 2017 - kr 0,4 millionar. (2016: +kr 5,1 mill)

Brutto driftsresultat er resultatet frå den ordinære drifta med utgifter og inntekter, men ein tek ikkje omsyn til finanspostane.

Netto driftsresultat er resultatet frå drifta etter at ein òg har teke omsyn til finanspostane (renteutgift, renteinntekt/avkastning og avdragsutgift.

Tilrådd resultatmargin

Resultatmargin er netto driftsresultat I prosent av samla driftsinntekt.

Tilrådd resultatmargin er omlag 1,75 %. (Frå Teknisk beregningsutvalg for kommunal økonomi)

Osterøy kommune sin resultatmargin for 2017 er - 0,1 %.

Gjennomsnittet for landet for 2017 var om lag 3,8 %.

Resultatet må vurderast å vere altfor lågt i høve til tilrådinga, samt i høve til gjennomsnittsresultatet for landet. Likevel er det positivt å unngå eit enno dårlegare resultat slik det lenge såg ut for 2017, sjølv om mykje av resultatet er redda av ekstra høg skatteinngang. Sjå òg nedanfor om justert netto driftsresultat.

Netto driftsresultat justert for ekstraordinære inntekter (JND)

Justert netto driftsresultat 2017 er kr 6,7 millionar, og utgjer 1,1 % av samla driftsinntekt.

Me justerer etter same metode som i Kommunebarometeret. Netto driftsresultat er såleis justert ved å legge til netto premieavviksutgift med kr 3 millionar og netto bruk av bundne driftsfond med kr 4,3 millionar.

Ofte vil justert netto driftsresultat verte dårlegare enn netto driftsresultat på grunn av premieavviksinntekt som «kunstig» betrar resultatet. I Osterøy kommune har ein premieavviksutgift i 2017, på kr 3 millionar. Dette betyr at rekneskapsført pensjonsutgift er 3 millionar høgare enn betalt premie. Det meste av dette, kr 2,2 millionar, skriv seg frå amortisering/tilbakeføring av tidlegare års premieavviksinntekt.

Det er positivt at justert netto driftsresultat vert 1,1 %. Den løpande drifta, med premieavvik halde utanom, er altså noko betre enn det ordinære netto driftsresultatet viser. Det er vanleg å legge til grunn at justert netto driftsresultat gjev eit meir korrekt bilete av driftssituasjonen enn netto driftsresultat i seg sjølv. Likevel er det godt under landsgjennomsnittet på 3,5 %. Med den gode skatteinngangen i 2017 burde kommunen klart å skape eit betre driftsresultat, og ein har såleis store utfordringar knytt til å klare å halde driftsutgiftene nede.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig resultat/mindreforbruk er kr 2,6 millionar

Det er dette resultatet heradsstyret skal bestemme disponeringa av.

Driftsavvik fordelt på rammeområda

Avvik i høve til budsjett 2017

	Rekneskap	Budsjett	Avvik I kr	Avvik i %	Regnskap
	2017	2017			2016
Rådmannen og stabsseksjonar	58 366 570	57 254 434	1 112 136	1,9 %	54 556 665
Felles IKT	5 232 118	4 000 000	1 232 118	30,8 %	5 190 828
Oppvekst, undervisning og kultur	175 640 498	179 128 717	-3 488 219	-2,0 %	170 494 183
Helse, omsorg og sosial	181 026 549	173 677 852	7 348 697	4,2 %	173 797 922
Miljø og teknikk	21 495 187	21 048 923	446 264	2,1 %	21 354 737
Sjølvkost	-6 822 352	-6 800 000	-22 352	0,3 %	-5 647 227

Både sektor for Helse, omsorg og sosial (HOS), sektor for Miljø og teknikk og Rådmannen/stabsseksjonar har meirforbruk i 2017. Kun Oppvekst, undervisning og kultur har mindreforbruk.

NB: Felles IKT er i hovudsak saldert med mva-kompensasjonsinntekt ført på Sentrale postar.

Sjå meir info om avvik og drifta elles i sektorkapitla.

Investeringsrekneskapen

Dei største investeringsprosjekta i 2017	
Kjøp av eigedomar	Valestrand skule, oppgradering park.plass/trafikktilhøve
Veglys – utskifting av armatur	
Oppgradering kyrkjebygg	

Samla finansieringsbehov var kr 52,2 millionar og investeringsrekneskapen er avslutta i balanse mellom finansieringsbehov og finansiering.

Sjå skjema 2B i rekneskapsdokumentet for oversyn over investeringsprosjekta med samla utgift kr 41,3 millionar.

Investeringsprosjekta grupperast slik:

Kritiske prosjekt, samt prosjekt som pågår	5,3 mill
Lovpålagt, samt andre pålegg/plikter	1,7 mill
Prosjekt i samarbeid med andre	2,4 mill
Kostnadseffektivisering	7,9 mill
Samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift	23,6 mill

Balanserekneskapen

Utvalde postar:	2014	2015	2016	2017
Disposisjonsfond	89 847	3 829 847	8 736 524	13 627 275
Ubundne inv.fond	31 168 474	30 034 299	28 620 344	27 091 641
Totale fondsmidlar	55 932 052	59 721 368	56 984 807	56 269 654
Lånegjeld utanom formidlingslån	309 849 717	398 405 080	451 427 820	484 582 359
Arbeidskapital (OM - KG)	92 053 977	101 786 032	105 540 253	120 983 641
Akkumulert premieavvik	19 484 341	14 588 833	10 571 114	7 571 646

Disposisjonsfondet aukar framleis, men er relativt lågt og utgjer pr 31.12.17 omlag 2,1 % av årleg driftsinntekt. Det er behov for disposisjonsfondsmidlar til å ha som buffer mot uføresette driftsavvik, finansiere særskiltte tiltak i drifta og kunne eigenfinansiere delar av investeringane.

Ubundne investeringsfond er midlar frå tidlegare sal av anleggsmidlar. Midlane har vorte redusert som følgje av finansiering av eigenkapitalinnskot i KLP i samband med at kommunen bytta leverandør frå DnB til KLP i 2014, og som følgje av årlege eigenkapitalinnskot i KLP.

Arbeidskapitalen er nettobeløpet når ein tek sum Omløpsmidlar og trekker frå sum Kortsiktig gjeld. Det gjev uttrykk for handlefridom og korleis ein er i stand til å gjere opp for løpande forpliktelsar.

Akkumulert premieavvik er postar som tidlegare er inntektsført, men som skal utgiftsførast i åra som kjem. Restbeløpet som skal utgiftsførast er kr 7,6 millionar. På det meste har dette beløpet vore kr 34,9 millionar. Rekneskapsresultata frå 2003 fram til 2009 var «smurt» med til saman 34,9 millionar i premieavviksinntekt, som så skulle utgiftsførast i åra seinare. Mesteparten av det oppsamla premieavviket er no altså tilbakeført/utgiftsført i rekneskapen, men det gjenstår kr 7,6 millionar.

Økonomiske nøkkeltal

Tal i % og kr	Osterøy 2016	Osterøy 2017	Gruppe 10* 2016	Gruppe 10* 2017	Landet u Oslo 2016	Landet u Oslo 2017
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt	0,8	**-0,1**	3,1	2,5	3,9	3,5
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekt	15,4	**17,8**	24,1	25,4	19,7	20,7
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar (Skatt og rammetilskot)	51 090	**52 095**	51 943	53 526	52 158	53 601
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	48 433	**49 893**	52 365	58 145	58 248	61 789
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt	63,2	**63,5**	71,2	72,3	74	75,4
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekt	1,4	**2,1**	6,9	8,3	7,2	8,8

*Gruppe 10 er definert som mellomstore kommunar med middels bundne kostnader pr innbyggar, og låge frie disponible inntekter.

Netto driftsresultat for 2017 er negativt og mykje lågare enn gjennomsnittet for kommunane i 2017. Utviklinga dei siste åra syner at driftsresultatet går nedover, og illustrerer såleis eit aukande press på økonomien i kommunen. Merk likevel at «Justert netto driftsresultat» er betre.

Arbeidskapitalen er omløpsmidlane korrigert for kortsiktig gjeld, og er eit omgrep som seier noko om likviditet og evnen til å innfri og betale løpande forpliktelsar. Arbeidskapitalen er lågare enn gjennomsnittet og samanlikningsgruppa, men det er likevel ein positiv utvikling med styrking av arbeidskapitalen dei seinare åra.

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) er lågare enn gjennomsnittet. Om lag kr 1 500 under landsgjennomsnittet (utanom Oslo) pr innbyggar. Forskjellen opp til landsgjennomsnittet har auka i høve til 2016.

Netto lånegjeld er aukande. I nøkkeltalet inngår samla lånegjeld fråtrukket utlån og unytta lånemidlar. Netto lånegjeld i % av driftsinntekt er aukande. Det illustrerer at lånegjelda aukar meir enn driftsinntekta, og rente- og avdragskostnader vil utgjere ein større del inntektene. Såleis vil det vere mindre igjen til å finansiere andre driftsutgifter. Auken er ganske liten, og mindre enn tilsvarande auke for Kommunegruppe 10 og for landet utanom Oslo.

KOSTRA-samanlikningar

Under følgjer utviklinga i alderssamansetjinga dei siste 3 åra, samt utvalde Kostra-nøkkeltal knytt til netto driftsutgift for ulike tenesteområde i høve storleiken på målgruppa. Desse nøkkeltala skal gje uttrykk for prioriteringa av dei ulike tenesteområda i kommunane. Det er synt Kostra-tal for Osterøy kommune dei siste 2 åra, samt samanlikning med Kostragruppe 10 og gjennomsnittet for heile landet utanom Oslo dei same åra.

I Kostra vert kommunane delt i grupper for å kunne samanlikne med gjennomsnittet av kommunar som er ganske lik eigen kommune. Gruppe 10 er definert som mellomstore kommunar med middels bundne kostnader pr innbyggar, og låge frie disponible inntekter.

Innbyggjartal i Osterøy pr. 31.12.	2015	2016	2017
0-5 år	600	632	646
6-15 år	1 065	1 039	1 015
16-66 år	5 092	5 110	5 190
67-79 år	821	862	884
80 år og over	379	383	390
Til saman	**7 957**	**8 026**	**8 125**

Aldersfordelt pr. 31.12, i %	2015	2016	2017
0-5 år	7,5	7,9	8,0
6-15 år	13,4	12,9	12,5
16-66 år	64,0	63,7	63,9
67-79 år	10,3	10,7	10,9
80 år og over	4,8	4,8	4,8

Netto driftsutgift kan vurderast samanlikna med andre kommunar, og samanlikna med seg sjølv over tid. I tabellen er Kommunegruppe 10 og Landet utanom Oslo teke med som samanlikning.

Kommunale prioriteringar i Osterøy samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Osterøy 2016	Osterøy 2017	Gr. 10 2016	Gr 10 2017	Landet u Oslo 2016	Landet u Oslo 2017
Netto driftsutgift pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	108 053	114 249	132 538	139 816	137 740	143 701
Netto driftsutgift pr innbyggar 6-15 år, grunnskulesektor	100 794	106 489	110 901	114 875	105 196	107 954
Netto driftsutgift pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	2 636	2 883	2 454	2 510	2 544	2 645
Netto driftsutgift pr innb., pleie og omsorg	19 176	19 653	18 490	19 555	17 003	17 637
Netto driftsutgift pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	2 294	2 735	2 895	2 952	3 543	3 716
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	8 221	7 566	9 977	10 440	8 904	10 283
Netto driftsutg. pr innb., adm og styring	4 846	4 417	4 267	4 401	4 382	4 446

Tabellen synleggjer utgifta knytt til ulike tenesteområda målt i høve til samla innbyggartal i kommunen eller i høve til den aldersgruppa som vert vurdert å vere viktigaste målgruppa. Såleis tek nøkkeltala høgde for ulike behov gjennom høgt eller lågt tal på innbyggarar i aldersgruppa som vert vurdert å vere målgruppa.

NB: Utvikling over tid og samanlikning med andre kan gje nyttig informasjon om ressursbruk og prioritering av tenesteområda i kommunen m.m. Det er likevel viktig å vere merksam på at slike tabelloversyn kun gjev indikasjonar, og grunnlag for å stille relevante spørsmål knytt til prioritering og ressursbruk, og ikkje gjev endelege svar.

Fordeling på tenesteområde

	Netto driftsutgift for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Osterøy 2016	Osterøy 2017	Gruppe 10 2016	Gruppe 10 2017	Landet u Oslo 2016	Landet u Oslo 2017
Middels	**Administrasjon og styring**	8,9	7,7	7,8	7,6	8,1	7,8
Middels	**Barnehage**	12,9	13,6	13,8	13,6	14,6	14,4
Middels	**Grunnskuleoppl**	24,7	24,3	25	24,3	24,1	23,6
Høg	**Helse og omsorg**	40,4	39,7	38,6	38,3	36,1	35,7

Låg	**Sosialteneste**	3,8	4,1	5	5	5,8	6,1
Låg	**Barnevern**	3,5	3,1	3,9	3,8	3,6	3,9
	Vatn, avløp, renovasjon/avfall	-0,2	0,7	-0,7	-0,7	-0,6	-0,5
Middels	**Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø**	1	1,3	1	1,1	1,2	1,2
Låg	**Kultur**	1,8	1,9	2,9	3	3,9	3,9
Middels	**Kyrkje**	1,2	1,1	1,2	1,2	1,2	1,2
Låg	**Samferdsle**	1,2	1,2	1,7	1,7	1,7	1,7
Middels	**Bustad**	-0,4	-0,3	-0,4	-0,4	-0,1	0
Høg	**Næring**	0,7	0,5	0,4	0,3	0	0
Middels	**Brann og ulukkesvern**	1,6	1,5	1,3	1,3	1,5	1,4

Tabellen syner fordelinga av netto driftsutgifter i kommunen på ulike tenesteområde. Ein ser utviklinga dei siste 2 åra, og samanliknar med Kostragruppe 10 og landet utanom Oslo. Kommentar i kolonna til venstre (Høg, låg middels) seier korleis prioriteringa i kommunen er samanlikna med Kostragruppa og Landet utanom Oslo.

Personalstatus

Sjukefråvær

Eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær (%)	2015	2016	2017
Osterøy kommune	6,5	7,3	6,7
Landsbasis I kommuner	9,9	9,8	9,9

*Tala på landsbasis gjeld frå 4. kvartal året før til 3. kvartal meldingsåret

Sjukefråværet i 2017 var totalt på 6,7%. Dette gjeld legemeldt og eigenmeldt fråvær og inkluderar ikkje fråvær ved barn og/eller barnepassars sjukdom. Sjukefråværet blei redusert i frå 2014 til 2015, auka ved utgangen i 2016 og er på nytt redusert i 2017. Osterøy kommune ligg under landsgjennomsnittet.

Det er utarbeidd felles rutinar og opplæring for arbeid med oppfølging av sjukemeldte tilsette og tilrettelegging for gravide tilsette I samarbeid med verneombod, arbeidstakarorganisasjonane, bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter. Leiarar mottar detaljert oversikt over fråværet kvart kvartal. Tiltak blir diskutert i AMU og IA utvalet skal vidare jobbe særleg med korleis fråværet kan reduserast. Fråværet er delt mellom 2,20% kortidsråvær <16 dagar og 4,50% langtidsfråvær >16 dagar. Arbeidsgjevars kostnad etter mottatte refusjonar er omlag 6,9 millionar, i tillegg kjem kostnadar knytt til vikarar.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det var 6 møte med alle hovudtillitsvalte der det mellom anna har vore drøfta ny innføring av ny visma mal kommune for nordhordalandskommunane, informert om budsjett og pågåande prosjekt, drøftingar I samband sjukefråvær og IA arbeid, organisering av tillitsvalde på overordna og einingsnivå, deltaking og organisering av ADMU, og revidering av lokal personalhandbok, innføring nye rekrutteringsverkty og drøftingar vedk. kommande nedbemanningsprosessar i Helse omsorg og sosial. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna kring arbeidstidsordningar, tilsettingar, arbeidsmiljøsaker og ved individuelle saker. Hovudverneombod har også delteke på desse møta når temaet har vore aktuelt for vernetenesta.

I 2017 var det mellomoppgjer i tariffområdet og det blei gjennomført lokale lønsforhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane. Forhandlingane blei gjennomført utan brot.

Kompetanseutvikling
I 2017 tok 12 tilsette i undervisningsstillingar vidareutdanning innan ulike undervisningsfag. I sektor helse, omsorg og sosial har det vore 6 praksiskandidater i året. Totalt 19 tilsette har vore i utdanningsløp innan helsefag. 4 tilsette fullførte studiene i 2017 og 8 tilsette starta utdanninga i 2017.

Det har vore gjennomført 4 samlingar for alle leiarar med økonomi personal og budsjettansvar med ulike tema i leiarforum. I tillegg har det vore gjennomført fleire oppfriskningskurs frå tidlegare satsingsområder og eit særleg fokus på opplæring og kartlegging i samband med Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS). Det har særleg vore fokus på oppdatering og tilrettelegging innan avvikssystem og HRM system Det blei gjennomført seniordag om pensjon i samarbeid med KLP for alle tilsette over 60 år .

Sektor for helse omsorg og sosial har utvikla strategisk kompetanseplan. Det er ikkje utarbeida felles kompetanseplan for organisasjonen.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)
Arbeidsmiljøutvale (AMU) og IA utvalet (inkluderanse arbeidsliv) har kvar gjennomført 3 (AMU) og 4 (IA) møter. Handlingplan for IA arbeidet er utarbeidd for ei periode over 3 år 2017 – 2020 og blir oppdatert kvart år. Det er utarbeida sektorvise samarbeidsplanar med bedriftsthelsetenesta for å følgje opp og forebyggje HMT-tiltak. Majoriteten av eininga har gjennomført vernerunde i 2017.

Bedriftshelsetenesta har levert tenester knytt til faste helsekontroller og individuell oppfølging i samband med oppfølging av og førebygging av sjukefråvær samt kartlegging og samtaler I prosjekt ved 1 skule Det blei inngått ny rammeavtale med Salutis HMS for kjøp av tenester frå bedriftsthelsetenesta for perioden 2018 – 2020.

Som ei del av eit overordna kvalitets og HMT system er det innført digital HMS handbok og avvikssystem. AMU gjennomgår rapport om avvik som er registret.

Likestilling
I Osterøy kommune fordeler arbeidsstokken seg om lag slik, 83 % er kvinne og 17% er menn. Reknar ein på utførte årsverk, er fordelinga den same.
Utførte årsverk i dei einskilde Sektorane fordeler seg slik. Kvinner/Menn; Stab – 58/42% -Oppvekst, undervising og kultur -86/14%, Helse, omsorg og sosial -89/11% og –Miljø og teknikk 6/94%.
Av tilsette kvinner arbeider 47% heiltid og 53% deltid. Av tilsette menn arbeider 84% heiltid og 16% deltid.
Av leiarar er det 22 kvinner fordelt på 20 årsverk og 11 menn fordelt på 11 årsverk.



ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

Politikk

Utvikling i tal politiske saker		
	Heradstyret	**Formannskapet**
2017	79 saker	92 saker
2016	102 saker	135 saker

Samfunnsutvikling



	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-67 år	68-69 år	70-79 år	80 og eldre
2016	114	486	713	352	453	4733	190	537	379
2020	117	589	757	309	458	4974	164	692	389
2025	117	639	875	320	415	5170	188	805	435
2030	113	635	940	375	449	5331	176	826	592
2035	113	619	951	414	521	5467	204	859	694
2040	122	638	935	417	544	5667	213	912	785



	20-24	25-39	40-54	55-66	67-74	20-66
Osterøy	71,5	79,4	86,3	67,3	16,9	78
Hordaland	62,5	78,1	82,3	67,8	16,4	75,5
Noreg	71,5	79,4	86,3	67,3	16,9	78

OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR

Oppvekst, undervisning og kultur består av fylgjande einingar:

- Grunnskule – 4 barneskular og 1 ungdomsskule.
- Barnehage – 6 kommunale barnehagar.
- Vaksenopplæringa vart hausten 2017 smelta saman med eininga Bustad og integrering (flyktningetenesta). Nytt namn på eininga på Hauge er no Osterøy integrerings- og læringssenter.
- Familiens hus – barnevern, ppt, tverrfagleg teneste, helsestasjon og skulehelseteneste.
- Kulturskule.
- Bibliotek.

Sektoren skal yte teneste til alle innbyggjarane i Osterøy kommune mellom 0-18 år. I tillegg kjem opplæringstilbod til vaksne i Osterøy integrering-og læringssenter, og tilbod til vaksne gjennom kulturskulen og bibliotektenesta.

Oppvekstsektoren har i fleire år fokusert på tidleg innsats for livslang læring. Dette er eit gjennomgripande mål for sektoren. Tidleg innsats handlar om å skape trygge og gode oppvekstmiljø, slik at barn og unge kan få gode vilkår for ein god start i livet.

Både barnehage og skule har sluttført omfattande utviklingsprosjekt i 2017 for å heve kompetansen til dei tilsette. PPT har også vore aktiv deltakar i desse prosjekta. Ei klar målsetjing med prosjekta er at dei tilsette skal få heva sin kompetanse slik at dei kan yte betre tenester til målgruppene våre.

Sektoren si økonomiske ramme	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017
Oppvekst, undervisning og kultur	175 640	179 129	- 3 488

Oppvekst, undervisning og kultur har eit samla mindreforbruk på nesten kr 3,5 mill kr i 2017.
Om lag kr 2 mill av dette skuldast ein ikkje budsjettert mindreutgift på pensjonsutgifter.
Den resterande kr 1,5 mill kjem for det meste av at sektoren vart oppmoda om å setja bremsene på for å redusera meirforbruket i kommunen samla sett. Rådmannen er klar over at sektoren har uløyste oppgåver som ikkje lar seg realisera når ein må redusera drifta på denne måten.

Skule

	Utvikling av elevtal på barnetrinnet – offentleg skule					
	Valestrand	**Lonevåg**	**Haus**	**Fotlandsvåg**	**Hauge***	**Samla elevtal**
2015/2016	160	219	139	65	58	641
2016/2017	174	205	128	65	0	572
2017/2018						

***Hauge skule vart nedlagt 01.08.16.**

	Utvikling av elevtal på barnetrinnet – privat skule			
	Hosanger Montessoriskule	**Hamre grendaskule**	**Hjellvik Montessoriskule**	**Samla elevtal**
2015/2016	43	20	0	63
2016/2017	46	29	47	122
2017/2018				

	Utvikling av elevtal på ungdomstrinnet – privat og offentleg skule		
	Osterøy ungdomsskule	Danielsen ungdomsskule	Samla elevtal
2015/2016	259	90	349
2016/2017	250	87	337
2017/2018			

Telledatoen for tala i tabellane over er 01.10. kvart år. Det er i samsvar med GSI og KOSTRA. Erfaringsmessig er det ein del elevar som byter skule midt i skuleåret, det gjer at tala ikkje er stabile gjennom eit heilt skuleår.

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Grunn-leggjande dugleikar	***Fokus på lese- og skriveopplæringa.*** Skulane har utvikla periodeplanar med kompetansemål og læringsmål på kvart steg. Skulane har stort fokus på lese- og skriveopplæringa og arrangerer ulike tiltak for å betre læringsutbyte til elevane. Døme: lesekurs, fokus på lesing i alle fag, samarbeid med biblioteket for betre lesestimulering, m.m. ***Fokus på matematikkopplæringa*.** Skulane har utvikla periodeplanar med kompetansemål og læringsmål på kvart steg. Skulane har arrangert fagdagar/veke med særskilt fokus på matematikk. Læringsmåla i matematikk er innarbeidd i periodeplanane og har meir fokus på matematikk i fleire fag. Nytte kartleggingsverktøy. Osterøy ungdomsskule har vore med i prosjektet UiU der dei har hatt fokus på rekning i alle fag.
	Kompetanseutvikling for lærarane. Frå hausten 2017 har 5 lærar fått vidareutdanning med avsluttande eksamen våren 2018. 3 lærarar får vidareutdanning i norsk og 2 lærarar får vidareutdanning i engelsk. ***Tidleg innsats med målretta tiltak på alle nivå.*** Skulane jobbar systematisk med kartlegging i grunnleggande dugleikar for å få oversikt over korleis elevane utviklar seg i høve til kompetansemåla på dei ulike trinna. Dette gir viktig informasjon i høve til å sette inn tiltak på eit tidleg tidspunkt.
Godt læringsmiljø	***Fokus på klasseleiing.*** Alle skulane har fokus på god klasseleiing. Dei 2 utviklingsprosjekta: Læringsmiljøprosjektet på barnesteget og Ungdomstrinnet i Utvikling har hatt fokus på klasseleiing i sine kompetanseutviklingsmodular. Gjennom arbeidet i læringsmiljøprosjektet har skulane hatt fokus på å førebygge mobbing og å prøve å avdekke mobbing på eit tidleg tidspunkt. Kompetansen frå dei 2 prosjekta skal no implementerast i den daglege drifta ved skulane. ***Fokus på overgangar mellom ulike skuleslag.*** Plan for overgang barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule har vorte evaluert og ulike forbetringstiltak har vorte prøvd ut. ***Elevmedverknad*.** Skulane jobbar med å gje elevane meir medverknad i skulekvardagen. Eit tiltak som har fungert svært godt er Trivselsleiarane. Der elevar er med å tek medansvar for positive aktivitetar i friminutta. ***PALS*** Nokre barneskular arbeider med PALS. PALS står for «positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling». Skulane har sterkt fokus på å skape gode relasjonar mellom elevar og vaksne. PALS er eit viktig verktøy for å utvikle gode læringsmiljø.

Vurdering for læring	Elevane får systematisk undervegvurdering og hjelp til å vurdere seg sjølve i høve til læringsarbeidet. Dei fleste elevane er meir motiverte for læring når dei veit kva kompetanse mål dei skal nå og kva kriterier dei blir vurdert i høve til for å nå måla. Fleire av skulane har teke i bruk skulevandring som verktøy. I arbeidet med skulevandring er leiinga ved skulen ute i klasseromma og observerer undervisninga. Rektor får på den måten betre kjennskap til arbeidet i klasserommet, og saman med lærarane reflekterer dei over eigen praksis og utvekslar erfaringar med kvarandre. Osterøy ungdomsskule har teke i bruk metoden Lessons Study, der lærarane observerer kvarander i undervisninga og reflekterer saman om å finne dei gode løysingane. Osterøy ungdomsskule er frå hausten 2017 med i eit nytt prosjekt om Vurdering for læring.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017
Trivsel, spørjeundersøking blant elevane i 7. og 10. klassetrinn, skala 1- 5, (høg verdi er positivt resultat)	7.kl:4,3 10.kl:4,2	7.kl: 4,5 10.kl: 4,1	7.kl: 4,4 10.kl: 4,1
Mobbing, spørjeundersøking blant elevane i 7. og 10. klassetrinn, skala 1- 5, (låg verdi er positivt resultat)	7.kl:1,3 10.kl:1,1	7.kl: 1,1 10. kl.: 1,2	7.kl:1,2 10.kl: 1,5
Oppleving av faglig rettleiing, spørjeundersøking blant elevane i 7. og 10. klassetrinn, skala 1- 5, (høg verdi er positivt resultat)	7.kl:4,2 10.kl:4,0	7.kl: 4,6 10.kl: 4,0	7.kl: 4,6 10.kl: 4,1

Elevundersøkinga syner ei positiv utvikling på barnetrinnet. Arbeidet med læringsmiljøprosjektet har gitt synlege resultat både i høve til trivsel og mobbing. Elevane opplever også at dei får god fagleg rettleiing.

Ungdomstrinnet har hatt ei lita negativ utvikling på mobbing, men ligg framleis på nivå med resultata vi kan samanlikne oss med nasjonalt.

Nøkkeltal	2016				2017			
Skule:	**Elevar**	**Deling**	**Lærar**	Ass.	**Elevar**	**Deling**	**Lærar**	**Ass.**
Fotlandsvåg skule	65	4-delt	7,0	1.2	61	4-delt	8,9	1,2
Hauge skule	Nedlagt	frå	01.08.16					
Haus skule	128	7-delt	12,4	4,82	125	7-delt	15,1	5,3
Lonevåg skule	205	10-delt	21,9	4,3	202	10-delt	21,92	5,65
Valestrand skule	174	8-delt	16,0	4,5	170	8-delt	17,38	4,15
Barneskular i alt	**572**				**558**			
Osterøy ungdomsskule	250	10-delt	31,9	2,2	236	10-delt	31,1	3,30
Totalt	822		89,2	17,02	794		94,4	19,6

Nøkkeltala for 2016 syner ressursbruken for skuleåret 2016/17 og nøkkeltala for 2017 syner ressursbruken for skuleåret 2017/18. Vi ser at lærarstillingar på barneskulane har auka sjølv om elevtalet er redusert. Årsaka til dette er i hovudsak den sentrale satsinga på auka lærartettleik for 1.-4.trinn, der

kommunen har fått tilført øyremerka ressursar til denne satsinga for 2016 og ytterleg auka ressursar for 2017. I tillegg kjem auka ressursar grunna mottak av flyktningar.

Nasjonale prøver:

Til nasjonale prøver er det utvikla ein skala der gjennomsnittet nasjonalt er satt til 50. Resultata under syner gjennomsnittet til Osterøyelevane, og korleis dette gjennomsnittet *bevegar seg i høve til nasjonalt nivå.*

Nasjonale prøver 5.trinn – offentleg skule

Indikator og nøkkeltal	*2015-2016*	*2016-2017*	*2017-2018*
Engelsk	*47*	*49*	*47*
Lesing	*45*	*46*	*47*
Rekning	*49*	*49*	*48*

Frå skuleåret 2016-17 er alle nasjonale prøver gjennomført elektronisk. Dette er ein stor overgang for elevane, og dei fleste opplever det som vanskeleg. Vi ser elevane i osterøyskulen ligg under snittet nasjonalt. Skulane manglar utstyr for å imøtekome krav om utvikling av digitale dugleikar til elevane på barnesteget.

Nasjonale prøver 8.trinn – offentleg skule

Indikator og nøkkeltal	*2015-2016*	*2016-2017*	*2017-2018*
Engelsk	*47*	*47*	*50*
Lesing	*48*	*46*	*50*
Rekning	*47*	*47*	*52*

Nasjonale prøver vert gjennomført om hausten. Elevane på 8.trinn har ikkje gått mange veker på skulen før nasjonale prøver skal gjennomførast. Vi ser at elevane i osterøyskulen dette skuleåret scorar betre enn snittet nasjonalt.

Nasjonale prøver 9.trinn – offentleg skule

Indikator og nøkkeltal	**2015-2016**	**2016-2017**	**2017-2018**
Engelsk			
Lesing	53	49	49
Rekning	51	50	50

9.trinn har ikkje nasjonale prøver i engelsk.

Grunnskulepoeng – offentleg skule

Grunnskolepoeng	**2015**	**2016**	**2017**
Osterøy	42,9	42,6	41,0
Hordaland	41,4	41,6	41,7
Norge	40,7	41,1	41,4

Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet.

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak		
2014/-15	2015/-16	2016/-17
12,9	10,1	7,9

Merknad: Dei private skulane er med i tala om spesialundervisning.

Sektorleiinga har i samarbeid med PPT og skulane jobba systematisk over lang tid med å heve kvaliteten på den ordinære opplæringa og samstundes redusere tall elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Vi nærmar oss no landsgjennomsnittet som ligg på 7,1.

Skulefritidsordning (SFO)

Betaling SFO	2015	2016	2017
Inntil 9 timar per veke	1395	1395	
9 – 15 timar per veke	1935	1935	
Over 15 timar per veke	2680	2680	

Skulefritidsordning/ leksehjelp	Skuleåret 2014/2015	Skuleåret 2015/2016	Skuleåret 2016/2017
Bemanning, årsverk	7,20	7,99	
Totalt tal born i SFO	146	124	
Av dette er born med opphaldstid 6-14 veketimar	131	109	
Av dette born med opphaldstid over 15 veketimar	15	15	
Tal born med særlege behov	4	4	
Leksehjelp	350	344	

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Leksehjelp ved alle skular	Alle skulane har hatt tilbod om leksehjelp.
Ny plan for sfo-tilbodet	I rute

Barnehage

Barn i kommunale barnehagar							
	Valestrand	Haus	Lonevåg	Fotlandsvåg	Hauge	Mjøsdalen	Samla tal
15.12.15	30	66	95	32	68	19	310
15.12.16	34	70	106	32	71	18	331
15.12.17	35	75	114	32	76	18	350
Barn i private barnehagar							
15.12.15							105
15.12.16							115
15.12.17							117

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Tidleg innsats med målretta tiltak på alle område	Barnehagane arbeider systematisk for å leggja til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø. – og samstundes ha kunnskap og verktøy for å identifisera og setja i gang ekstra tiltak når det er naudsynt.
Ny rammeplan for barnehagen frå 1.8.2017.	Oppstått og implementer Ing av ny rammeplan for barnehagen sitt innhald og praksis.
Kompetanseløftet «Være Saman» i samarbeid med Læringssenteret i Stavanger.	Vidareføring og implementer Ing av kompetanseløftet i alle barnehagane 2017.
Styrka pedagogisk leiing i barnehagen	Styrka leiarskap som fører til utvikling og kvalitet av barnehagane. «Kvalitetsarbeid og endringssleiing»
Eit kompetent personale - alle tilsette har god kompetanse og er i stand til å gje omsorg og læring i samsvar med kommunale og sentralt gjevne målsetjingar	Rekruttera og behalda fagpersonale – ha ei pedagogdekking som er i tråd med Lov om barnehagar.
Utvikla kvar barnehage til ein lærande organisasjon	For betre kvalitet og utvikling i barnehagane.
Rekruttering av menn til barnehage. Eit sterkare fokus på arbeid med likestilling Eit læringsmiljø som fremjar likestilling mellom gutar og jenter. Osterøy kommune søkte -og har fått tildelt midlar til prosjekt «ungdomskulegutar som leikeressurs i barnehage».	Likestilling og likeverd er gjort forpliktande gjennom Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. 26 ungdomskulegutar har delteke i prosjektet som har gått i periodar over 2.5 år i barnehagane.
Symjeopplæring for 4 og 5 åringar i barnehage. Osterøy kommune søkte - og har fått tildelt statlege midlar.	Grunnleggjande aktivitetar knytt til symjeopplæring. Alle 5 åringane deltek og ein del av 4 åringane. Barnehagane nyttar symjebassenget på OUS.

Kvalitetsindikator	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Barn i barnehage 0-5 år (komm./privat	446		467
Barn på venteliste (jfr. rett til plass)	0	0	0
Minoritetsspråklege barn	38		50
Kommunale barnehagar	6		6
Private barnehagar	2		2
Del av 5 åringar som får gjennomført barnesamtale.	Alle	Alle	Alle

Medarbeidarar/organisasjon			
Del tilsette – pedagogisk utdanning	44%	50%	45.5%
Del tilsette – barne ungdomsarbeider	34%		32%
Andre	16%		19%
Tal barn per tilsett	6.3	6.0	6.3
Leike – og opphaldsareal	5.9m2		5.8m2
Del av tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	Alle		Alle

Foreldreundersøkelsen 2017
(kommunale og private barnehagar) (skala 1-5)

Hovudområde	Osterøy kommune 2016	Nasjonalt snitt 2016	Osterøy kommune 2017	Nasjonalt snitt 2017
Ute - innemiljø	4.0	4.1	4.1	4.1
Relasjon mellom barn og vaksne	4.5	4.6	4.6	4.5
Barn sin trivsel	4.7	4.7	4.7	4.7
Informasjon	4.1	4.2	4.0	4.2
Barnets utvikling	4.6	4.6	4.6	4.6
Medverknad	4.1	4.2	4.1	4.2
Henting og levering	4.3	4.4	4.2	4.4
Tilvenning og skulestart	4.5	4.5	4.3	4.5
Tilfredshet	4.4	4.5	4.4	4.5

Foreldreundersøkelsen for barnehage vart igjen gjennomført i kommunale og private barnehagar november 2017.

64.58% (78.6% i 2016) **av foreldre/føresette i kommunale og private barnehagar deltok i undersøkinga.**
Målsetjinga med ei foreldreundersøking er å få tilbakemeldingar frå foreldre/føresette om deira oppleving og erfaring med barnehagen.
Foreldreundersøkinga gjev foreldre/føresette høve til å sei si meining om barnet sin trivsel - og andre tilhøve ved barnehagen. Undersøkinga skal først og fremst brukast for å gjera barnehagen enno betre - samstundes skal den peika på våre utviklingsområde og korleis vi kan leggja best mogleg til rette for eit godt barnehagetilbod.

Foreldreundesøking er eit verktøy for den enkelte barnehage, men gjev også viktig informasjon til barnehageeigar og sentrale styresmakter.

Foreldre/føresette i Osterøybarnehagane er godt nøgde med barnehagen.

Familiens hus

Familiens hus jobbar målretta for å gje tenester med høgt faglig nivå, som er koordinerte og har eit tverrfaglig perspektiv. Me har fokus på å effektivisere drift, slik at me kan møte både dagens og morgondagens utfordringar på ein best mogeleg måte. Osterøy helsestasjon har i 2017 blitt ein del av Familiens hus, og dette har vore eit viktig bidrag til økt samarbeid og betre koordinering av tenester for born og unge.

Familiens hus ynskjer å være ein kompetent rådgivingspartnar for andre tenester i kommunen som eksempelvis skule og barnehage, og har fokus på dette i utvikling av tenestetilbodet.

Familiens hus har hausten 2017 hatt omfattande sjukefråvær, spesielt i barneverntenesta. Dette har vore ei svært krevjande situasjon.

Familiens hus er ansvarleg for kommunen sitt Konsultasjonsteam mot vald og seksuelle overgrep. Konsultasjonsteamet mot vald og seksuelle overgrep består av koordinator, kommunelege, kommunepsykolog, barnevernkonsulent, leiande helsesøster og PP-rådgjevar. Teamet har i 2017 hatt 12 møter, kor to av desse møta var utanom fast møteplan då dei vart vurdert som akutte. I løpet av 2017 var det 11 tilmeldte sakar. Oppsummert: 7 saker frå barnehage, 2 frå skule og 2 frå andre.

Målsetjing i budsjett	Resultat 2017
Bidra til kommunen sitt førebyggjande arbeid ved å tilby familierettleiingsgrupper til foreldre med born i skule/ungdomsskule	Tverrfagleg teneste har i 2017 tilbudt foreldrerettleiingsgrupper (ICDP) for foreldre i bornehage, ungdomsskule og for minoritetsforeldre.
Aktivt støtta kommunen i systemretta arbeid i skule og barnehage ved etablering av ressursteam.	PPT er ein viktig aktør i utviklingsarbeidet av Ressursteam på dei kommunale skulane, og leiar nettverk for ressursteamleiarar.
Kvalitetsutvikling av barneverntenesta gjennom deltaking på KS sitt effektiviseringsnettverk.	Barneverntenesta har deltatt på KS sitt effektiviseringsnettverk, og har utarbeida ein tenesteanalyse som vil bli lagt fram for leiinga i kommunenog politikane. Tenesta vil gjere strukturelle grep for å øke effektivitet og gje betre tenester til brukarane.
Gjennomføre brukarundersøking i barneverntenesta	Det blei våren 2017 gjennomført brukarundersøkelse for alle foreldre som hadde mottatt hjelpetiltak frå barneverntenesta dei to siste åra.
Vidareutvikla tverrfagleg samarbeid	Familiens hus har i 2017 hatt stort fokus på å vidareutvikle det interne samarbeidet mellom tenestene. Dette spesielt med henblikk på at Familiens hus i 2017 blei utvida med Osterøy helsestasjon. Dette har vært eit viktig arbeid, som ved evaluering høst 2017 hadde hatt god

	effekt.	
Bidra i kommunen sitt planarbeid	Familiens hus har ein aktiv rolle i utarbeidelse av kommunen sin oppvekstplan. Leiar i Familiens hus er ein del av prosjektleiinga, og i arbeidsgruppa sitt to kommunepsykologar for born og unge frå Tverrfaglig teneste, leiande helsesøster og representant frå PPT. Representant frå barneverntenesta har vært invitert til å delta i dette arbeidet, men tenesta har ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette.	
Kompetanseutvikling:	Familiens hus har stort fokus på kompetanseutvikling, for å kunne både gje brukerane best mogeleg tenester og for å være ein kompetent rådgivningspartnar for samarbeidspartnare.	
	PPT: Tverrfaglig teneste: Barnevern: Leder for Familiens hus:	Organisasjon, leiing og logopedi. Veiledningsmetodikken Marte Meo, sinnemestring, kognetiv terapi, sertifisering ICDP rettleiarar, spesialisering i samfunnspsykologi Videreutdanniing i vold/overgrep/barnesamtale Leiiing

PPT

PPT har i 2017 hatt fokus på bli etterspurt på ein anna måte enn før. PPT har tradisjonelt sett blitt invitert inn i skular og barnehagar på grunn av individsakar. PPT skal òg bidra til kompetanse og organisasjonsutvikling.

PPT har organisert seg som kontaktpersonar. Som kontaktpersonar har ein faste dagar skular og i barnehage. Dette fører til ein tettare kontakt. Tiltaket inneberer også at ein kjem tidleg inn. Ein ynskjer med dette å kunne bidra til at kvaliteten på det ordinære tilbodet kan auke då ein har fokus på eit inkluderande læringsmiljø. Som verkty nyttar vi til dømes pedagogisk analyse.

PPT har som mål å vere tettare på før tilvising og tettare på etter vedtak. PPT må oppleves som ein drøftings- og refleksjonspartnar, ein medhjelpar!

Leiar i PPT er ein naturleg del av styrar- og rektor kollegiallet i kommunen, og PPT har faste treffpunkt og samarbeid med Sektor Oppvekst. Ein er deltakar i dei utviklingsprosjekta kommunen er med i.

PPT er ein aktør i utviklingsarbeidet med « Ressursteam» på dei kommunale skulane i kommunen og leiar nettverk for ressurs-teamleiarar.

PPT er ein drøftingspartnar og samarbeider med skule, foreldre og elevane knytt til læringsmiljøet som gjeld tryggleik og trivsel på skulen, §9a.

	2014	2015	2016	2017
Nye tilviste saker	33	16	25	36
Saker på venteliste	17	3	0	0
Sakar med aktivitet	250	228	176	128

Tala på enkeltsaker har gradvis blitt redusert. Ved å vere ein medhjelpar på skulane og i barnehagane når det kjem til organisasjon- og kompetanseutvikling kjem ein tettare på. Ein får òg hjelpt borna på eit tidleg tidpunkt ved å vere ein drøftingspartnar til skulane og barnehagane, utan at det nødvendigvis vert ei enkeltsak hjå PPT. Nedgang i antal enkeltsaker, medfører at ein har større kapasitet til dette arbeidet.

PPT har 4 heile stillingar. PPT driv Zippy- rettleiing til skulane og er aktør i utviklingsarbeidet med «Ressursteam» på dei kommunale skulane i kommunen. PPT er også PALS-retteleiar.

Tverrfagleg teneste

Tverrfagleg teneste har 6 stillingar. 2 kommunepsykologar, 1,5 stilling familieterapeut. 1,5 stilling miljøterapeutar og fagleiar/spesialpedagog .

Medarbeidarane i tenesta jobbar både med individsaker, grupper (barn /ungdom, foreldre og tilsette) og på systemnivå.

Tale på saker er på nivå som fjoråret med total 165 nye tilvisningar. Tenesta har klart å behandle alle tilmeldte saker ,og foreldre, born og ungdom blir kontakta innan ei veke for tilbod om avtale.

Alder i tilviste saker:



Kjønn:



Problemstilling:



Tilvist frå:



Arbeid knytta til barnevernstenesta:

Miljøterapeut har i tillegg til miljøterapi ansvar for rekruttering, oppfylging (bl.a kursing) av tilsynsførarar for i dag 33 fosterbarn som er bosett i kommunen frå andre kommunar, og refusjonsarbeid i høve dette. Den er også ansvarlig for rekruttering og godkjenning av fritidskontaktar/besøksheim for barneverntenesta. Dette tilsvarande ei 20% stilling.

Familieterapeut har ansvar for refusjon for utgiftar til fosterfamiliar som overstiger kommunens egenandel frå Buf-etat. Dette tilsvarande ei 20 % stilling.

Grupper/universelle tiltak:

- Zippys venner – grupperettleiing for lærarar.

- ICDP foreldrerettleiing for foreldre på ungdomsskulen, barnehage og minoritetsforeldre.
- «Dialog»- samtaletilbod for tilsette i kommunen.
- Kommunespsykolog er tilstade på helsestasjon for ungdom en gang i månaden.
- Fagleg innlegg på barselgruppe hos helsestasjon.
- Kurs i Traumesensitive system.
- Rettleiing til bustad og integrering ved krise.
- Informasjonsarbeid i klasse med alvorleg sjuke elevar.
- Markering av verdensdagen for psykisk helse.
- Konsultasjonsteam.
- Ressursteam i skule. Rettleiing til helsestasjon.
- Planarbeid i kommunen bl. a oppvekstplan og ROS.
- Ko-koordinator i ungdomsrådet.
- Ungdata.

Barnevernstenesta

I 2017 mottok Osterøy barneverntenesteste 69 nye bekymringsmeldingar. 6 av meldingane blei henlagt; 3 registrert som nye meldingar i tiltakssak, 3 blei overført til annan kommune. Dette viser ein svak nedgang frå 2016. 15 ulike tenester/ kategoriar har vore meldarar. Skule har stått for 13,9 % av meldingane og er saman med barneverntenesta den som står for den største andelen av meldingane. Barnehage er meldar i 6,9 % av innkomne bekymringsmeldingar. Familie står for 4,6 % av meldingane medan andre privatpersonar utgjer 10,6 %. Lege og sjukehus utgjer ein høgare prosentdel av meldingane i 2017 samanlikna med 2016.

Den største kategorien i forhold til årsak til melding har i 2017 vore vold i heimen, høgt konfliktnivå i heimen og foreldre sine psykiske problem. Denne typen saker er både ressurskrevjande og utfordrande.

Barnesamtalar i undersøkingar	
Alle undersøkingar starta i 2017	66
Gjennomført barnesamtale	59
For liten	5
Undersøking oversendt annan kommune	2
Avvik ifht barnesamtale	3

Av 52 avslutta undersøkelsar i 2017 blei 34 konkludert med hjelpetiltak frå barneverntenesta. 10 av undersøkelsene blei henlagt etter barneverntenesta si vurdering medan 4 blei henlagt avdi foreldre takka nei til hjelpetiltak. Ein auke på 20,8 % frå førre år i undersøkelsar som blei konkludert med hjelpetiltak kan indikere alvoret i innkomne bekymringsmeldingar.

Nøkkeltall fra Kostra:	2015	2016	2017
Barn med undersøkingar eller tiltak	86	82	92
Undersøkingar i alt	53	69	59
Avslutta undersøkingar	61	64	52
Undersøkingar som førte til tiltak	45	29	34
Barn med tiltak i opphavleg familie	60	46	51
Barn med tiltak utanfor opphavleg familie	21	16	16
Kvalitetsindikatorar:			
Undersøkingar med behandlingstid innan 3 månader	82,81 %	97,9 %	94,1 %
Barn med tiltak per 31.12.2016 med utarbeida plan	98,33%	100 %	100%
Barn plassert i omsorgstiltak per 31.12.2016med utarbeida plan	100 %	100 %	100%
Gjennomførte barnesamtaler i undersøking	98,3 %	100 %	96,9%

Ein nedgang i undersøkelser som har blitt behandla innan tidsfristen på 3 månader har samanheng med at ein i voldssaker har vore avhengig av samarbeide med politiet, noko som har forsinka oppstarten av undersøkelsane.

Dei hyppigast nytta endringstiltaka er rettleiing til foreldre, miljøterapeut i heimen, rettleiingsmetodikken Marte Meo og sinnemestring for foreldre. Tverrfaglig teneste leverer desse tenestene til familiane på tilvisning frå barneverntenesta.

Kompenserande tiltak direkte mot barnet er gjeven i form av besøksheim, fritidskontakt og økonomisk støtte til fritidsaktiviteter.

Brukarmedvirkning har fokus i barneverntenesta sitt arbeid med familiar. Samtalar med barna i undersøkelsesperioden er eit krav. Avviket som barneverntenesta har på dette området er grunna i omsynet til barnet sitt spesielle behov i kvar einskild sak og til barnet sitt beste. Barneverntenesta skal leggje til rette for samtalar med barn og ungdom slik at dei skal kunne uttale seg i eiga sak. Ungdommen kan i nokre høve bruke sin rett til å ikkje uttale seg til barneverntenesta, noko som då blir ført som avvik.

Barneverntenesta har i 2017 delteke i Effektiviseringsnettverk i regi av KS. Som eit resultat av dette arbeidet har det blitt utarbeida ei tenesteanalyse som viser ein gjennomgang av tenesta sin ressursutnytting , kvalitet, medarbeidar- og brukertilfredshet. Til slutt vert resultateffektivitet vurdert og forbetringstiltak foreslått.

Barneverntenesta har deltatt i prosjektet ”Akutt beredskap for alle barn i Hordaland”. Prosjektet skal utreda korleis det kan etablerast ein forsvarlig barnevernvakt for alle barn i Hordaland.

5 sakshandsamarar har gjennomført Vidareutdanninga «Avdekking- kva så» ved Høgskulen på Vestlandet. 3 av desse har tatt eksamen i ”Samtaler med barn”. Kompetanse på dette området har vore særs viktig sett i forhold til at vold i heimen og høgt konflikt nivå har utgjort den største kategorien av bakgrunn for bekymringsmeldingar.

Barneverntenesta har levert eit rekneskap i balanse.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta

Nøkkeltal frå Kostra	2015	2016	2017
Talet på fyrstegongs gravide som fullførte fødselsførebuande kurs i helsestasjons regi	24	30	34

Talet på nyinnskrivne gravide som har møtt til svangerskapskontroll	100	98	83
Tal på heimebesøk av jordmor innan 1-2 døgn etter heimkomst			2
Talet på heimebesøk innan 2 veker etter heimkomst utført av helses.	95	105	84
Talet på fullførte helseundersøkingar innan utgongen av 8.leveuke (6 vekers kontr.)	106	107	121
Talet på fullførte 2-3 års kontroller	93	94	121
Talet på fullførte 4 års kontroller	92	99	92
Talet på fullførte helseundersøkingar innan utgongen av 1.trinn, grunnskulen	104	80	100

Målsetjing i budsjett	Resultat 2017
Tidleg innsats	Alle har fått tilbod om heimebesøk innan 14 dagar etter fødsel.Vi har etablert kontakt pr.tlf. med alle nyfødtes mødre med ein gong vi har motteke fødselsmelding. Alle nytilflytta og nyoppdagne har fått time på helsestasjonen for å bli kjent.Alle 1.gongsfødande skal få tilbod om heimebesøk av jordmor dei fyrste dagane etter heimkomst. På grunn av fravær av jordmor i perioder er kun 55% av dette målet nådd.
Fremme utvikling hjå barn og unge	Har undervisning om «psykisk førstehjelp» i alle 5.klassingane på alle barneskulane. Har gruppeundervisning I 1.-4.-6 kl. om psykisk og fysisk helse, grensesetting i forhold til eige kropp. Hatt jentegrupper på ungdomsskulen
Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid	Fått etablert samarbeidsavtalar og faste møter med andre fagtenestar. Er ein del av familiens hus og jobbar saman med dei andre tenestane for å utvikle dette. Har ikkje fått etablert faste møter med fastlegane, men hatt faste møte med helsestasjonslegen og kommunelegen. Helsestasjonen har vore representert I ressursteam, utvida ressursteam, konsultasjonsteam, planarbeid og Ros.
Kvalitetssikre tiltak	Vi har og jobba med rutinar og system. Eit arbeid som skal prioriteras vidare. Implementering av nye prosedyrar utifrå nye retningslinjer.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Fødselsførebuande kurs til førstegongsfødande	26,60%*	81,08%	85%	75,34%
Heimebesøk til alle nyfødde innan 14 dagar	95%	96,33 %	100%	99,45%
Heimebesøk av jordmor til alle 1.gongsfødande		90%	95%	55%
Gjennomføring av konsultasjonar i tråd med retningslinjer og innan fastsette tidsrammer	Ingen meldte avvik	100%	100%	2 meldte avvik

Samarbeidsmøter med fastlegane *	0	0	2	2 *
Samarbeidsmøter med barnevern	2	2	*	*
Samarbeidsmøter med PPT	1	0	*	*
Samarbeidsmøter med psykiatritenesta	1	2	2	1
Samarbeidsmøter med fysioterapitenesta	1g.i mnd	1g.i mnd	1.g mnd	1.g.mnd
Zippy rettleiing for lærarane	3	3	3	3
Foreldrerettleiingskurs ICDP	0	1	1	1
Vaksinasjonsdekning	95-96 %	92 -95 %	95%	*
Psykologisk førstehjelpundervisning til 5. klassingane	100%	100%	100 %	100%

- Vi har mykje kontakt med fastlegane men ikkje faste møter. Kommunelegen og helsestasjonslegen representerer dei i våre møter.
- Leiar for PPT,Barnevern og Helsestasjon møtes i leiarmøte kvar uke.
- Leiar for psykiatri/rus har fellesmøter med leiarane i Fam.hus.
- Talet frå Fhi er ikkje klart for 2017

Bibliotek

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Nok PC-ar til publikumsbruk	
Månadlege arrangement i samarbeid med biblioteka i Nordhordland	
Mime – kvalitativt betre og utvida tilbod i den nye bibliotekbussen	
Biblioteka i Nordhordland som Litteraturhus	
Tilbod til flyktningar	
Omorganisering av det fysiske biblioteket etter nye prinsipp	
Rullering av bibliotekplan	
Formidling, innkjøp og utlån av e-bøker	
Auke lesestimulering i barneskulen - Formidling, innkjøp og utlån av e-bøker	

Kvalitetsindikatorar	Status 2015	Status 2016	Mål 2017	Status 2017
Tal på utlån frå bibliotekbuss	15969			
% - vis sjølvbetente utlån	98 %			
Digitale tekstbøker (e-bøker)				
Tal utlån digitale tekstbøker	188			
Digitale lydbøker				
Tal utlån digitale lydbøker				
Fjernlån frå andre kommunar	379			

Fjernlån til andre kommunar	364			
Tal arrangement	232			
Deltakarar på arrangement	2587			
Deltakarar på lesestimuleringstiltak				
Timar ope i veka	25+ Mime			
Årlege utstillingar	15			

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Tal på utlån/ av desse frå bokbuss	40 614/15 969	/19 791		
% - vis sjølvbetente utlån (ser vekk frå utlåna ved bokbussen)	98%	99%		
Digitale tekstbøker (e-bøker)	samarbeid			
Tal utlån digitale tekstbøker	188	285		
Fjernlån frå andre kommunar	379	383		
Fjernlån ut til andre kommunar	364	387		
Deltakarar på arrangement, samla	2 587	2 555		
Deltakarar på arrangement barn	2122	1839		
Deltakarar på arrangement vaksne	465	716		
Tal arrangement	232	159		
Årlege utstillingar	15	28		

Kulturskulen

2017 har vore eit spennande år i kulturskulen. Me har mellom anna brukt dette året på å prøva ut tilbod som kan bli ein del av vårt breiddeprogram. Breiddeprogram er eit av undervisningsområda i den nye rammeplanen. Meininga er at kulturskulen i samarbeid med grunnskule og barnehage skal bidra til at så mange som mulig får erfaring med ulike kultur-aktivitetar. I år har 7.klassingar fått laga og spelt inn eigen låt. I Lonevåg barnehage har me gjennomført forsøk med fiolingrupper.

Samarbeid med grunnskulen

Arbeider til elevar på visuell kunst

Ballettdansarar i samarbeid med Osterøy janitsjar

Elevar i kulturskulen		
01.10.15	01.10.16	01.10.17
281	289	270

Andre faktorar	2015		2016		2017	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Timar til lag pr.veke	5	4,5	4,5	3,5	3,5	5,3
Brukarbetaling ind	4 300	4300	4300	4300	4300	4300
Skulekonsertar	2	1	2	1	1	1
Avslutningskonsertar	4	7	5	5	5	4
Storkonsert	Vårspel:2 Musikal 3	Advents-konsert: 1	Vårspel 2 Musikal 6	Advents-konsert: 1	Vårspel:2 Musikal 6	Advents-konsert: 1
Andre konsertoppdrag	4	6	4	4	3	2

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Tal på deltakarar i kulturskulen	281	289	300	270
Tal på undervisningstimar (klokke timar) i kulturskulen (ikkje teneste til lag)	2590	2508	2900	2553
Påmeldingar i ungdommens kulturmønstring	11	14	20	9
Utdeling av kulturpris				1
Venteliste for å delta i kulturskulen	0	3	0	24

Elevtalet har gått litt ned. Det skuldast litt færre elevar på dansegruppene. Søknader til individuelle fag har derimot tatt seg litt opp. Derfor vart det haust elevar på venteliste. Utover hausten har det vore nokre utmeldingar slik at ventelistene ved årslutt er blitt redusert.

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Å gje kvar enkelt elev eit tilpassa tilbod	Kulturskulen gir tilbod til alle elevgrupper og gir skreddarsydd undervising til kvar enkelt elev.
Å vidareutvikla våre eksisterande tilbod innanfor musikk dans, drama, media og visuell kunst gjennom samarbeid innanfor dei ulike fagområda.	Me ser no ein stor utvikling i samarbrbeidet mellom ulike fag og mellom kulturskulen og korpsmiljøet. Musikalen «Alladins barn» og Vårspelframsyninga «Oscar» er gode døme på dette.
Å tilby kulturskulen sin kompetanse i samarbeidsprosjekt med andre tenesteområdet i kommunen	Kulturskulen hadde ein dagskonferanse der ulike einingar vart representerte. Konferansen ga konkrete forslag til tiltak i grunnskule barnehage.
Å implementera ny rammeplan	Kulturskulen driv no verksemda etter ny nasjonal rammeplan. Arbeidet med nye lokale læreplanar er i gong.

Vaksenopplæringa/Eining for integrering og bustad

I januar 2017 fekk Vaksenopplæringa og Eining for integrering og bustad midlertidig same leiar. I april 2017 vart dei tilsette i Eining for integrering og bustad flytta frå rådhuset til Vaksenopplæringa. I mai fekk einingane klarsignal om å tenke kryssande organisering og felles organisasjonskart frå og med 1. august, og at tilhøyrsla skulle ligge i Sektor for oppvekst og kultur. I september/oktober vart det stadfesta at einingane skulle formelt slåast saman frå og med 1. januar 2018, og då skulle inn på eit budsjett. I desember endra einingane namn til «Osterøy Integrerings- og læringssenter»; Eit namn jobba fram av og forankra hos dei tilsette i einingane.

Endringane fann stad fordi prosjekt «Einsleg mindreårige» vart skrinlagt på tampen av 2016. Det var då få tilsette att i Eining for integrering og bustad, og det var veldig sårbart for sjukdom, fråvær og ordinær turnover. Einingane måtte styrkast, og denne styrkinga fann ein hos vaksenopplæringa som hadde tilgjengelig leiarkapasitet og mogelegheit til å snu seg rundt til å utvide og endre drifta. Etter samlokaliseringa på vårparten, og etter at einingane vart styrka med ei miljøarbeidar/sekretærrolle i starten av april, fekk dei tilsette arbeidsro til å utføre arbeidsoppgåvene vi er lovpålagt gjennom Introduksjonslova. Dei tilsette i Eining for integrering og bustad var då lokalisert på same hus som hovudvekta av personane dei skulle ha rettleiande rolle ovanfor, noko som i seg sjølv verka stabliserande for drift.

I Eining for integrering og bustad gjekk 2017 i stor grad med til å bygge organisasjon, og til å vurdere dei løysingane som hadde vore valt fram til då. Vi hadde då 2-3 år med erfaring av busetting av flyktningar som grunnlag. Dei aller fleste steinar vart snudd i løpet av året; Nokre rutiner vart endra, andre vart værande som dei var. Felles er at det aller meste er drøfta og vurdert. Vaksenopplæringa på Osterøy hadde i denne perioden god nytte av ein stabil lærarstab med god erfaring som sørgja for at undervisninga gjekk sin vante gang. Dei tok òg over ansvaret for to undervisningsdagar som fram til då hadde vore «Eining for integrering og bustad» sitt ansvar. Allereie på dette tidlige tidspunktet såg ein konturane av to einingar som løfta i lag.

I løpet av 2017 mista ein litt arbeidsrettinga av introduksjonsprogrammet av synet. Det er i ettertid vurdert som ein naturleg konsekvens av å verte samorganisert med ein skule. Dette kom òg til uttrykk då Fylkesmannen førte tilsyn med «Individuell plan» etter Introduksjonslova på seinsommaren/hausten 2017; vi fekk avvik på at arbeidsrettinga var for lite synleg i programperioden. Dette er noko ein må tydeliggjere og trekke inn att i løpet av 2018.I 2017 kom det i gang ei stilling på NAV Osterøy, dekka av integreringsmidlar. Vi forventar at arbeidsrettinga på sikt vil bli styrka av dette samarbeidet.

Ein hadde vedtak om å busette 20 personar i 2017. Av årsakar utanfor Osterøy kommune sin kontroll, endte ein på 11 i løpet av året (inkludert familiegjenforening).

Tal deltakarar og elevar i introduksjonsordning og vaksenopplæring 2017

I tabellane er alt telt med telledato 1. oktober. Det gjeld begge einingane. I denne typen drift, er det elevar og deltakarar som startar og sluttar kontinuerlig. Tall personar som har vore aktive gjennom året, er difor høgare enn det som kan oppgjevast når vi nyttar ein spesiell dato som telledato.

Alle elevar starta på intro innan tre mnd som er lovkravet i introduksjonslova

	Elevar i introduksjonsordning	Menn	Kvinner	Permisjonar
Eritrea	10	4	6	
Syria	11	6	5	
Afganistan	5	1	4	
Totalt:	26	2	15	

Introkurs/språkpraksis og arbeidspraksis:

Følgande tenester har bidratt i undervisning for intro i 2017:

Tenester	Introduksjonsordninga vår 2017	Introduksjonsordninga haust 2016
Kommunepsykolog	(avtalt, ikkje gjennomført pga sjukdom)	
Røde Kors	X	
Politi		X
Brannverntjenesten		
NAV	X	X
Hordaland fylkeskommune	X	
Osterøy turlag	X	
Osterøy industrilag		x
Osterøy bondekvinnelag		x
Medisinstudentens sekusalopplysning	Avtalt, ikkje gjennomført; MSO avlyste på kort varsel.	Avtalt, ikkje gjennomført. MSO avlyste på kort varsel

Målsetting	Resultat 2017
Busette 45 stk i en 3 års periode	Busatt 11 personar i løpet av 2017
Oppstart introprogram	8
Språkpraksis	5
Arbeidspraksis Nav	5
Fullført introordning	13
Oppstart AMO kurs	3
Avslutningsårsak Intro: Utdanning/jobb	1

Språkpraksisplassar i 2017

Språkpraksisplass	Vår 2017	Haust 2017
Bokbussen	X	X
Reppen barnehage		x
Kaffekroken		X
Gunnebo Anja		x

Arbeidstrening i vaksenopplæringa sin ferieavvikling 2017

Arbeidsgiver	Oppgave
Innleigd arbeidsleiar	Overflateoppussing Osterøy vaksenopplæring

Individuell tilrettelegging	Antall
Heimebesøk	68
Følgje til offentlig kontor	32
Klargjering	64
Lager	10
Følgje til helseavtaler	43

Kontakt med frivillige organisasjonar
Den norske kyrkja: Gjerstad kyrkjelyd
4H Osterøy
Open gymsak (Hauge grendaråd)
Osterøy bygdekvinnelag
Osterøy husflidslag
Lion Osterøy
Osterøy turlag

Nøkkeltal vaksenopplæring	2015	2016	2017
Deltakarar i vaksenopplæring	101	62	67
Fornya grunnskuleopplæring/Grunnleggande dugleik	5	2	1
Eksamensretta grunnskule	1	17	5
Spesialundervisning	18	12	8
Norsk rett og plikt	46	47	52
Norsk betalingselevar	27	1	5

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Styrka grunnleggjande dugleikar	Vi har starta opp undervisning i grunnleggande dugleikar som ein del av «Norsk for framandspråkelige vaksne», dette for å møte behovet alle nye innvandrarar har for å meistre dette. Tema per i dag er digital dugleik, leseteknikk og personleg økonomi.

Norskopplæring for nyleg busette	Norskopplæring for nyleg busette er no godt integrert med den norskopplæringa vi har hatt i fleire år for personar som har familiegjenforening med norske statsborgarar og arbeidsinnvandrarar.
Nytte kartleggingsverktøy	Vi har utvida kompetansen med bruk av kartleggingsverktøy spesielt på grunnskule for vaksne. I norskundervisninga har ein fast kartleggingsmateriell som ein nyttar når ein får inn elevar. I opplæringa knytta til «sykdom/skade» er ein ferd med å bygge opp eit bibliotek for tilnærming av kartlegging.
Kompetanseutvikling for lærarane	Norsklærane var i november 2016 på kurs og lærte om «prosedi». Dette er trykk, tone og rytme i språket. Dette er eit felles kompetanseutviklingsprosjekt for heile norskteamet som har vore i prosjektfase i 2017. Implementert i 2018. Grunnskule for vaksne har jobba mykje med å implementere tilpassa opplæring i sine timar. Her har ein hatt systemrettleiing frå PPT. I undervisninga retta mot personar med sjukdom og skade, har lærarane brukt mykje tid på dialog og intern kunnskapsutveksling (den spede start på ressursteam) for å forbetre denne undervisninga.

HELSE, OMSORG OG SOSIAL

Sektor for helse, omsorg og sosial skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Helse- og omsorgstenesta sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper; personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelavhengigheit, sosiale utfordringar eller funksjonsnedsetting.

Sektoren omfattar følgjande einingar:

Helse: legetenester og ergo/fysioterapi
NAV
Osterøytunet
Psykisk helse og rusomsorg
Heimetenesta
Bu- og avlastningstenesta 1 og 2
I tillegg forvaltning, BPA, støttekontakt og omsorgsløn, ligg direkte under sektorleiinga.

I løpet av 2017 har det blitt tilsett ny sektorleiar, og konstituert sektorleiar har gått tilbake til stillinga som nestleiar for sektoren. Vi har og fått tilsett ny einingsleiar for Osterøytunet og BuA 1, i tillegg til avdelingsleiar for heimetenesta og Osterøytunet. I innfasing av nye leiarar er det prioritert leiarkompetanse ved tilsetting, då dette er eit av satsingspunkta i HOS.

Eit viktig arbeid har vore gjennomgang av budsjettet for sektoren. Vi har gjennom dette arbeidet fått oversikt og eit godt grunnlag for å halde kontroll på økonomien i 2018. Kostratala viser at sektor HOS driv dyrare enn landssnitt, og budsjettvedtaket i desember gir behov for omfattande omstillings- og nedbemanningstiltak for å kome i mål med rammene for 2018.

Vi har i 2017 vidareført arbeidet med analyse av tenestetilbodet i sektoren, og dette vil saman med kommunedelplan og temaplanar være eit styringsverkty for sektoren framover. Vi har og utarbeidd eit system (Business intelligence) for Heimetenesta, for å halde fortløpande oversikt over ressursbruk og vedtak på tenester, for å sikre samsvar her.

I løpet av året har vi hatt fokus på å finne felles plattform saman med formannskap og heradstyre, gjennom politisk verkstad og felles arbeidsgrupper. Dette gir oss eit godt utgangspunkt for arbeidet vidare i 2018.

Sektoren si økonomiske ramme	Reknesk 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017
Helse, omsorg og sosial	181 027	173 678	- 7 349

Overforbruk 2017: Kr 7,3 millionar. Her ligg kr 3.500.000 i manglande refusjon i høve budsjett, noko som særleg har utfordra drifta i psykisk helse og rusomsorg, i tillegg til bu- og avlastingstenestene. Hausten 2017 har vi halde stillingar vakante, i tillegg til å gå gjennom vedtak opp mot faktisk ressursbruk. Osterøytunet har ikkje hatt kapasitet til å ta i mot alle som har hatt behov for plass, og liggedøger i sjukehus og kjøp av plassar har medført overforbruk her. Vikarbyrå har og ført til meirkostnader i 2017. Auka brukarbetaling har betra resultatet, det same har lågare pensjonskostnader enn føresett. Ein markant auke i brukarar av sosiale tenester har gitt meirforbruk òg her. Alle einingar har bidrege som best dei kan for å minske meirforbruket.

Fokusområde i 2017 frå kommunedelplan/temaplanar/budsjett	2017	Resultat 2017
Ta imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta til institusjon eller heimeteneste.	99%	Ikkje nådd (79 liggedøger, 435 leigedøger annan kommune
Alle kommunar skal ha utarbeidd «lokal forskrift for rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for *heildøgns* tjenester innan 1.juli 2017»	Ferdigstilling	Oppnådd
Arbeide mot tilstrekkeleg leiarkapasitet i tenestene	Tilsette avdelingsleiar i heimetenesta	Oppnådd sept 2017
Innan 2020 skal alle kommunar ha velferdsteknologi i sitt tenestetilbod	Oppstart	Deltar i prosjekt Velferdsteknologi saman med Nordhordlands-kommunane To grupper starta opp

Fokusområde i 2017 frå kommunedelplan/temaplanar/budsjett	2017	Resultat 2017
Ta imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta til institusjon eller heimeteneste.	99%	Ikkje nådd (79 liggedøger, 435 leigedøger annan kommune
Alle kommunar skal ha utarbeidd «lokal forskrift for rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for *heildøgns* tjenester innan 1.juli 2017»	Ferdigstilling	Oppnådd
		Velferdsteknologiens ABC
Kompetanseforum syter for at prioriteringar i sektoren sin strategiske kompetanseplan vert sett i verk innanfor økonomisk ramme.	Kontinuerleg. Faste møter ein gong pr mnd	Tildelt midlar til kompetansehevingstiltak i tråd med plan
Politiske tilleggsvedtak for budsjett 2017:		
Legetenester	Oppretthalde kveldsope mån-tors	Delvis avvikla i løpet av hausten 2017
Fysioterapitenester	Utvide kapasiteten ved Osterøy fysiopterapi	Oppretta nytt driftstilskot, fysioterapeut tilsett haust 2017
Vidareføre tilbod rusavhengige	Oppretthalde Kroken	Er oppretthalde
Vidareføre dagtilbod demente	Oppretthalde Haldorvika	Er oppretthalde, men med noko mindre kapasitet
Gjennomgang av tenestene i HOS	Strukturplan, politisk verkstad, vurdere organisering, vurdere vikarpool	Politisk verkstad mai og juni Oppretting av politisk arbeidsgruppe Analyse av tenestene ved OTV Rådgivning Utprøving av ressursbank ved Osterøytunet
Vidareføre tilbod rusavhengige	Oppretthalde Kroken	Er oppretthalde
Vidareføre dagtilbod demente	Oppretthalde Haldorvika	Er oppretthalde, men med noko mindre kapasiet

BPA, støttekontakt, omsorgsløn

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
BPA	3.472.705	3.835.479	3.139.286	2.532.500
Støttekontakt	1.200.000	1.166.282	1.200.000	1.259.663
Omsorgsløn	1.000.000	897.979	1.000.000	936.538

Mindreforbruk 2017: 610.585

Brukarar / vedtak		
	Resultat 2016	**Resultat 2017**
BPA	4	4
Støttekontakt	42	44 (8 på venteliste)
Omsorgsløn	21	23

Brukarstyrt personleg assistent

Brukarstyrt personleg assistanse: Kommunen skal ha tilbod om personleg assistanse. Tildeling av brukarstyrt personleg assistanse skal vurderast på same måte, og innafor dei same rettslege rammene, som dei andre tenestene i Helse og omsorgstenestelova § 3-2 fyrste ledd, nr 6b. Ordninga omfatter hjelp til eigenomsorg, personleg stell, praktiske oppgåver og sosiale aktivitetar. Føremålet er å bidra til å gjere den einskilde mest mogleg sjølvhjelpen i dagleglivet.

Støttekontakt

Dette er eit godt innarbeidd tiltak i kommunen og vert nytta ovanfor fleire brukargrupper.
Tiltaket vert tildelt etter Pasient- og brukarrettighetslova (Pasrl) § 2-1 a, støttekontakt vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd, nr 6b, når personar grunna alder, funksjonshemming, sjukdom eller sosiale tilhøve treng bistand for å få ei meiningsfylt fritid.

Omsorgsløn

Omsorgsløn vert tildelt der brukar vert vurdert å fylle krava i Pasient- og brukarrettighetslova (Pasrl) § 2-1 a, omsorgsløn vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-6.

Kommunen har etter denne regelen plikt til å ha ei ordning med omsorgsløn til dei som har særs tyngande omsorgsoppgåver, og det må setjast av tilstrekkelege midlar på det kommunale budsjettet til dette. Kommunen skal i kvart einskild tilfelle vurdere kor mange timar som vert lagt til grunn for betaling for slikt omsorgsarbeid.

Kvalitetsindikatorar	Status 2015	Status 2016	Mål 2017	Resultat 2017
I løpet av 2 veker etter motteke søknad skal søkar bli kontakta	100%	100%	100%	100%
Oppfyller søkjar vilkåra i lova skal tiltak vera iverksett min. 2 veker maks 3 veker etter vurdering og konklusjon	89%	-	95%	90%
Årleg opplæringskurs for brukarstyrt personleg assistanse- brukar/ arbeidsleiar og assistent	Gjenomført nov 2015	Ikkje deltatt	Etter plan	2 assistentar har delteke

Helse, lege, ergo- og fysioterapitenester

Legetenester

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
Legetenesta	9.012.783	9.522.463	10.103.974	10.043.831

Mindreforbruk 2017 60.143

Årsverk pr 01.01 Legetenesta	**B 2017**	**Resultat 2017**
Hjelpepersonell	3,04	3,04
Turnuslege	1	1
Kommuneoverlege/Sjukeheimslege	0,4/0,6	0,4/0,6
Fastlegeheimlar	5	5

Vår 2017 var ikkje stabil i forhold til legedekning pga sjukemelding, for å avlaste vart det tatt inn vikarlege i noko av tida. Det er pr 31.12.2017 ikkje ledige plassar på legelistene på Osterøy.
Legevakta i Osterøy kommune vart flytta til Nordhordland Legevakt i Knarvik i mars 2013. I samband med dette vart det etablert lokalt utvida åpningstider ved legekontora på Osterøy man-tors 15:30-20:00. Fleire legar har avslutta denne avtalen etter eige ønskje. Pr 31.12.17 var det berre utvida opningstider på onsdagar.
Frå 2016 er kommunane pliktige til å ha Øyeblikkelig hjelp-senger for somatiske pasienter, dette er oppretta i Knarvik knytt opp mot NHL Legevakt.
Etter at samhandlingsreforma trådte i kraft er det stadig økte oppgåver i kommunehelse-tenesta. Sjukeheimslegedekninga har ikkje blitt auka opp i tråd med auka oppgåver og ein ser at det er behov for styrking av denne.

Alle fastlegar kan påleggast 7,5 t/veke kommunalt arbeid, for tida er det kun ein av fastlegane som har kommunalt arbeid 7,5t/ kvar 14.dag.

Ergo- og fysioterapitenesta

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
Ergo-Fysioterapi	4.911.983	4.566.479	5.316.495	4.734.082

Mindreforbruk 2017: 582.413

Den kommunale tenesta har sin base på Osterøytunet, men arbeider hovudsakeleg ut mot heimebuande. Den private tenesta har base på Hauge og arbeider primært mot heimebuande som kan møte på instituttet.

Det blei politisk vedtatt i desember 2016 å opprette eit 5. drift tilskot for privatpraktiserande fysioterapeut i 2017. Denne vart tilsett hausten 2017.

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	**Målsetjing 2017**	**Resultat 2017**
Førebyggjande heimebesøk til eldre	Styrke den eldre sin Moglegheit for eigenmeistring og bevare funksjonsnivået lengst mogleg gjennom å gå på førebyggjande	Er ikkje iverksett. Men ergoterapeut/fysioterapeut er med på heimebesøk ved behov og vil då og sjå på ulike element i forhold til førebyggjande tiltak. Utvelgelse tilfeldig etter ledig kapasitet hos terapeuter.

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	Målsetjing 2017	Resultat 2017
	heimebesøk	
Styrke fokus på habilitering og rehabilitering i sektoren generelt	Kontinuerlig	Rullering av hab-rehabiliteringsplan utsett
Auka gruppetilbod for å nå ut til fleire brukarar	Kontinuerlig	Har nådd ca 150 personar pr veke med gruppetilbod. Aktivitør+ fastlønna fysioterapeuter
Deltaking i palliativt team	Kontinuerlig	Gjennomført
Styrke hjelpemiddellageret	Kjøpe inn og implementere ressursmodul i Cosdoc	Er kjøpt inn og implementert i 2017. Er ikkje utnytta til fulle, til det treng ein tid til undervisninga av dei einingane som treng å bestille hjelpemiddel.
Kurs	Kompetanseheving	Avdelingsleiar har fullført modul 5 – helsejuss leiarar i helsesektoren. Det har elles vore delteke på nokre relevante 1 og 2 dagars kurs både for terapeutar og servicemenn, som stort sett har vore gratis å delta på. Det blir ikkje tatt inn vikarar ved kursdeltaking.
Studentar	Tilbod til studentar	Grunna sjukemelding og nytilsett på dei faste fysioterapeutane har det ikkje vore rom for å ta inn studentar i 2017.Turnuskandidater fordelt av fylkesmannen.
Arbeidstrening	Kontinuerleg	Avdelingen har årlig studenter frå HIB og språk/ arbeidstrening for de som følges opp av NAV. I 2017 har vi hatt 1 språk og 1 på arbeidstrening.HIB 2017 sjå over.
Frivillige	Kontinuerleg	Avdelingen ved aktivitør har utstrakt samarbeid med frivillige . Aktivitør heilt avgjerande for oppretthalde dagtilbod både på OT og desentraliserte.

Brukarar / vedtak			
	Resultat 2016	**Tiltak 2017**	**Resultat 2017**
Kommunalt tilbod:			
Tal nye tilvisingar	308	Ergo og fysioterapi fastelønte	276
Tal gruppetilbod	6 pr veke	Dagtilbod Osterøytunet 1x pr veke	>15 personar
		Dagrehab Osterøytunet 2x pr veke	25 personar
		Desentraliserte dagtilbod 1 x pr veke	68 personar
		Gruppetreningar x5 pr veke	>30 personar
Tal arrangement Osterøytunet	3x arrangement pr mnd	Dans, generasjonstreff, m.m	Ca 3x pr mnd
Venteliste	20-30 I snitt pr mnd		Ca 20 I snitt pr mnd flest hos ergoterapeut
Sjukefråvær			1 fysioterapeut sjukmeldt

Brukarar / vedtak			
	Resultat 2016	**Tiltak 2017**	**Resultat 2017**
Kommunalt tilbod:			
			februar-april
Privat tilbod:			
Tal personar behandla i privat praksis	620		858
Venteliste privat	90		52

	Resultat 2016	**Resultat 2017**
Kommunale årsverk	0,4 adm.ressurs	0,45 adm.ressurs
	0,6 ergoterapeut	0,55 ergoterapeut
	2 fysioterapeutar (1,9 i forbruk i 2017)	2 fysioterapeutar (1,9 i forbruk i 2017)
	0.5 aktivitør	0.5 aktivitør
	1,55 miljøarbeidar	1,55 miljøarbeidar
	1 turnusfysio.	1 turnusfysio.
	4 driftstilskot til fysioterapi	5 driftstilskot til fysioterapi (med verknad frå september 2017)
Brukarundersøking	3,36	-
Avvik	1	1
Medarbeidersamtalar	utført	Utført
Samarbeidsutval - SU	Oppstart nov 2017	Oppstartsmøte gjennomført

Nav sosial

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
SUM	8.930.648	8.868.297	8.905.521	10.065.159

Meirforbruk 1.159.638. I 2017 har det vore ein auke med brukarar på heile 21 %. Ser vi på landsbasis og med samanlikna Kostra gruppe, har Osterøy vore under gjennomsnitta i antall brukarar og utbetalingar. I tillegg er ein lågare bemanna. Den sterke auka er i gruppa einslege 25 +. Hovedprioriteringa for 2018 er personar under 30 år. I 2017 var gjennomsnitt utbetalingsmånadane for dei under 30 år på 4,58 mnd. Her er målet å få det ned i 3 mnd.

Drift	Resultat 2016	Resultat 2017
Stillingar	6	6
Vedtak (2)	617	893
Tal brukarar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt, over 24 år	39	56
Gjeldsaker – tunge (1)	17 per 1/1-2017	18
Forvaltningskontoer	10	7
Husbank	25	34

.

(1) Namsmannen: gjeldsordning, eller frivillig gjeldsordning utan dom. Fleire store tildelingar då bankane ikkje lengre ønskjer

å samfinansiere. Avslag fleire einslege unge søkjarar som ikkje har sparing og i tillegg til personar som har urealistiske forventningar om kva dei har råd til å kjøpe.

(2) Det har vore ein sterk auke i tal vedtak på heile 45 %.

Kvalitetsindikator				
Drift	**Resultat 2015**	**Resultat 2016**	**Mål 2017**	**Resultat 2017**
Medarbeidarundersøkjing	25,2 / 26,0	25,1 / 26,0		24,5
Internkontroll (IKKS) implementerast	Implementert	Implementert		
Opplevd respektfull behandling, brukarundersøking.	95 %	5,3/6	5,5/6	4,9/6
Opplevd tilgjengelegheit, brukarundersøking	90 %	Utfasa		
Opplevd tilgang på informasjon, brukarundersøking	93 %	4,7/6		4,5/6
Klagesaker til Fylkesmann		0		5
Klagesaker Husbank		0	0	0

Gruppert, type	**2016**	**2017**
Einlege 18 – 24 år	**13**	**18**
Einslege 25 +	**60**	**70**
Par/sambuar 18 – 24 år	**4**	**8**
Par/sambuar 25 +	**7**	**10**
Par/sambuar med barn	**28**	**28**
Einsleg med barn	**33**	**40**

Osterøytunet

Osterøytunet ligg på Hauge, og vart bygd i 2004. Det var i 2016 fire avdelingar organisert under eininga:

- **2.etg** (tre grupper for pasientar med somatisk sjukdom og behov for langtidsopphald, og ei gruppe for avlasting,- korttids- og rehabiliteringsopphald)
- **1.etg** (tre grupper for pasientar med demenssjukdom og behov for langtids,-avlasting, og korttidsopphald) i tillegg til **nattenesta** i kommunen, som dekkjer pleieavdelingane, Hauge bufellesskap og øvrige innbyggjarar i kommunen med tryggleiksalarm og vedtak
- **Kommunalt kjøkken** som servar Osterøytunet og heimebuande

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	Resultat 2016	Budsjett 2017	Resultat 2017
Osterøytunet	47.138.100	49.071.234	49.887.559	51.812.559

Budsjettet for heile Osterøytunet 2017 er overskride med kr.1.925.000.
Hovudårsak til dette er at eininga ikkje har klart å ta imot ferdigbehandla pasientar frå sjukehusa etter målsetjing (kostnad ca 450.000), i tillegg har kommunen leigd plassar i andre kommunar for ca kr. 1 mill. Det har og i 2017 vore utfordrande å finne sjukepleiarvikar. Dette utløyser auka bruk av vikarbyrå (3.43 mill i 2017). Det meste av desse utgiftene har me dekka inn ved mindreforbruk på andre postar i budsjettet, i tillegg til ein auke i eigenbetaling for institusjonsopphald.

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	Målsetjing 2017	Resultat 2017
Samhandlingspasientar Tek imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta til institusjon	99%	• 79 betalingsdøgn (70 av desse jan-mars) • 435 leigedøgn i anna kommune
Deltaking i tverrfaglege team	• Ressurssjukepleiar palliasjon 20 % stilling • Ressurssjukepleiar demens 20% stilling	• Oppretthaldt, men overført heimetenesta midlertidig. • Ikkje oppretta
Demensarbeid Pårørandeskule for pårørande til personar med demens.	I samarbeid med Osterøy Demensforeining	Gjennomført jan-feb 2017
Pårørandesamtalar Årleg samtale mellom pårørande, ansvarleg sjukepleiar og primærkontakt for pasienten	Kontinuerleg	Kontinuerlig
Prosjekt vegen vidare – ernæring Osterøytunet har i 2017 halde fram med prosjektet Vegen vidare, der fokus har vore ernæring, aktivitet, måltidsrytme og samarbeid med frivillige	Evaluering	Evaluert, behov for fortsatt justeringar. Det er per 31.12.2017 innført middag kl 16 på fire av sju grupper. Pr i dag er det 13 frivillige som tilbyr sine tenester til pasientane ved tunet.
Musikkterapeut Osterøytunet	Samarbeid med folkeuniversitetet	Gjennomført
Kompetanseheving hjå personalet i høve til Kompetanseplan Tilerettelegging av ulike kurs internt og eksternt. Stimulera til vidareutdanning - Vidareutdanning i velferdsteknologi demens, psykisk helse o.a. - Desentralisert Høgskuleutdanning	Kontinuerleg vurdering	Vurdert gjennom kompetanseforum sjå overordna fokusområde Første gruppe med personell har starta på velferdsteknologiens ABC.
Hjelpe til med utdanning for helsepersonell ved å leggje til rette for gode praksisplassar og undervisning - VOPA – Vidaregåande opplæring på arbeidsplassen Helsefagarbeidarlærlingar TAF Elevar frå vidaregåande VG1 og VG 2 Sjukepleiar- og vernepleiarstudentar	Årleg	Vurdert gjennom kompetanseforum sjå overordna fokusområde

Fokusområde tilsette og leiing

Det er per 31.12.17 i om lag 61 årsverk på to avdelingar. Grunna ferieavvikling, sjukefråvær, utdanningsperm, barns sjukdom, velferdsperm, omsorgsperm, helgedagsfri, vakansar og tillitsvaldepermisjon, er om lag 20 årsverk borte av desse. Det vil seie at nær ein tredjedel av arbeidsstokken i snitt er ute av drift. I løpet av hausten 2017 har me auka bemanning på Osterøytunet for

å ha personell i eigen ressursbank .Totalt på dei to avdelingane har me auka opp med omlag 3 årsverk .Desse vert nytta til å dekke opp ved fråvær. Det er nytta 3,4 årsverk sjukepleiarar frå vikarbyrå, dette utgjer ein liten del av det som trengs for å sikre forsvarleg drift ved tunet. Personell situasjonen gjer det utfordrande å utvikle tenesta og drive opplæring, informasjon og kvalitetsarbeid. Det er spesielt utfordrande i ei teneste som går 24/7, med tilsette på arbeid i 23% av tida der leiar er på arbeid samstundes.

Brukarar/vedtak	**Resultat 2016**	**Resultat 2017**
Tal plassar	66	66
Tal vedtak innvilga i 2016 - korttid - langtid - avlasting	289 218(74 pas) 20 51 (16 pas)	242 191 (66 pas) 22 29 (7 pas)
Tal liggedøger sjukehus	77	79
Leige døgn anna kommune	60	235
Tal avslag	7	11
Utskrivne	1 heim 12 døde (langtids) 11 døde (korttids)	 20 døde (langtids) 6 døde (korttids)

Kvalitetsindikatorar				
	Resultat 2016	**Mål 2017**	**Tiltak 2017**	**Resultat 2017**
Brukar us	Svar% 61 Landssnitt 4,5 – Osterøy 5,0	Gjennomføre brukar us annakvart år	Ikkje planlagd	-
Avvik i CosDoc	125			187
Klagar	0			2
Tilsyn	1			1(kjøkken)
Personalfakta:				
Medarb.samt kvart 2. år	Ikkje gjennomført	100% gjennomføring	Gjennomføre	Gjennomført ca 75% resten , vår 2018
Grunnbemanning - Avd 1/natt/avd 2 - Felles - Kjøkken	 57,2 4 3,22	Auke bemanning til ressursbank + ved korttidsgruppe	-Auka 3 årsverk til ressursbank -Budsjettert for 2018 behov for auka personell ved gr 7	 - 60,2 - 3,8 - 3,22
Vikarbyrå	Har nytta 3,5 årsverk	0	Lyst ut faste stillingar og oppretta eigen ressursbank frå 2018	Har nytta 3,4 årsverk
Avvik i KF	Ufullstendig rapportering grunna lita tid til implementering	Nedgang	Innføring av nytt avvikssystem	50
Elevar	7 vg1 og vg2	7 vg1 og vg2	Inntak etter plan	12 vg1 og vg2
Lærlingar	3	3		3

Kvalitetsindikatorar				
	Resultat 2016	**Mål 2017**	**Tiltak 2017**	**Resultat 2017**
Under utdanning	6	Fleire enn 2016	Motiveringsarbeid Tilrettelegging Nytte kompetansefora	15 Inkl vidareutd.

Psykisk helse og rus

Eining for psykisk helse og rus i Osterøy kommune består av psykiatrisk heimeteneste, kommunepsykolog, 2 bufellesskap og Kroken som gjev tilbod til personar med rusproblem. Kroken har ein open dag i veka, då brukarane kan kome og få eit varmt måltid. Det eine bufellesskapet har fire bueiningar, og 2 personale tilstades heile døgnet. Det andre bufellesskapet har fem bueiningar med personale tilstades dag og kveld.

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
SUM	9.594.474	10.015.968	10.074.686	12.220.728

Avvik 2017: 2.146.042. Overforbruk i Haus bufellesskap skuldast mindre refusjon enn kva som var budsjettert med. Kommunepsykologstillinga har stått vakant sidan august-17, og ei stilling i rusomsorga har stått vakant sidan august-17. Begge grunna permisjon. Det vert ikkje nytta ekstravakter/ferievikar for dei som arbeider ut mot heimebuande. I bufellesskapa tar ein inn vikar ved sjukdom/ferie. Vi har avvikla kjøp av tenester ved Radøy interkommunale busenter, men to månader seinare enn budsjettert.

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	**Målsetjing 2017**	**Resultat 2017**
Temaplan for psykisk helse og rus	Planlagt revidert	Ikkje prioritert
Oppretthalde og styrke kapasiteten innan rus- og psykiatrisk helsearbeid	Kontinuerleg	Oppretthaldt
Sikre samhandling internt i kommunen, med spesialisthelse-tenesta og med frivillig sektor	Kontinuerleg	Kontinuerlig
Ettervernsgrupper for rusmiddelavhengige	Utsett	Utsett
Førebyggjande arbeid blant unge	Utsett	Utsett
Oversikt over russituasjonen i kommunen	Kartlegge russituasjonen i kommunen (Ungdata) i samarbeid med Skule- og oppvekst	Utført i samarbeid med Skule- og oppvekst
Formalisert samarbeid ved skule/oppvekst	Søkje å finne samarbeidsfora på kryss av profesjons- og einingsgrenser. Dette er satt i gang.	Einingsleiar i psykisk helse og rusomsorg deltar i oppvekst sitt planarbeid.
Førebu nye statlege krav i samband med samhandlingsreforma innan	Planlegge	Er i samarbeid med Nordhordland innan desse

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	Målsetjing 2017	Resultat 2017
psykisk helse og rusomsorg i 2017		førebuingane

	Resultat 2016	Resultat 2017
Tal brukarar	215	183
Tal vedtak	105	163
Tal avslutta vedtak	18	28
Tal timar	512	633
Avslag	0	0

Årsaken til at talet brukarar er noko høgare enn talet vedtak er at kommunepsykologen ikkje har vedtak på sine tilviste. Psykolog ved eininga har hatt ei markant auke av tilviste i 2016. I 2017 har psykolog hatt permisjon halve året. Ho har i 2017 oppretta 51 psykologjournalar. Kommunepsykologstillinga har stått vakant. Tala er samla for eining for psykisk helse og rus.

KVALITETSINDIKATORAR		
	Resultat 2016	**Resultat 2017**
Brukar us kvart tredje år	-	Planlagt 2018
Medarb.samt	Gjennomført 100%	Gjennomført 50%
Årsverk	17,5 årsverk	17,5 årsverk
Sjukefråvær	4,6%	3,6%
Kompetanse	7	6 psyk spl, 4 psyk vpl, 1 psykolog, 1 spl, 6 helsefag arb, 2 miljøarb.
Avvik	1	13
Klagar	1	0
Tilsyn	Fylkesmannen, desember 2016, to avvik	Avvika frå tilsynet frå Fylkesmannen er lukka
Kartlegging- BrukerPlan	Planlegge oppstart av BrukerPlan-kartleggingsverktøy	Kartlagt brukarar av tenesta over 18 år, utanom bufellesskapa.
Utdanning	Spl bestått vidareutdanning. Miljøarbeider bestått helsefagutdanning	Spl har starta Seprep utdanning som går over to år.

Heimetenesta

Heimetenesta yter tenester til heimebuande og til heimebuande ved Hauge Bufellesskap. Aktivitetssenter for personar med demens-sjukdom og BPA er og knytt til heimetenesta.

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	**Resultat 2016**	**Budsjett 2017**	**Resultat 2017**
SUM	33.866.764	37.926.881	37.827.464*	40.923.502*

***) utgifter til VTA plasser og løn for leiarer i BUA er med i dette talet.**

Meirforbruk 3.096 038.

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	Målsetjing 2017	Resultat 2017
Samhandling med frivillige	Oppretthalde samarbeid med demensforeininga	Utført. Pårørandeskule for pårørande til personar med demens. Gjennomført januar - februar 2017.
Dagsenter for personar med demenssjukdom	Oppretthalde tilbodet	Utført Ved å driva oppsøkjande virksomheit har ein klart å yte tilbod til fleire og pågangen er aukande.
Sjukepleietenester for heimebuande på natt	Ha tilstrekkelig dekning av sjukepleiar på natt	En har ikkje klart å funne kvalifisert personell til å oppfylle denne tenesta i tilstrekkeleg grad
Leggje til rette for gode praksisplassar for helsefagarbeidarar	Årleg	Vurdert gjennom kompetanseforum sjå overordna fokusområde

Brukarar / vedtak	Resultat 2016	Resultat 2017
Tal vedtak	409	514
Tal timar	631 Heimespl 90 Pr. bistand	577 Heimespl 82 Pr. bistand
Tal alarmar	102	113
Tal leiligheter	16	16
Tal prosjekt	3	3
Aktivitetssenter haldorvika	3 dagar i veka 1 dag heime/ute 1 dag adm	3 dagar I veka 1 turdag I veka Oppsøkjande virksomheit i samarbeid med heimetenesta *

Kavlitetsindikatorar	Resultat 2016	Resultat 2017
Brukar us	Ikkje gjennomført	-
Medarb.samt		20% gjennomført
Årsverk	50,6	46,65*
Sjukefråvær	13,8	11,9
Utd.permisjon	0,7%	0,

*1 årsverk merkantil og 0.5 årsverk fagutviklar ligger på heimetenesta i tillegg til 3 årsverk med leiarar.

Fokusområde tilsette og leiing

Vi har i 2017 oppnådd meir leiartetthet som var målet. Vi hadde ein god kartlegging av tidsbruk opp mot utførelsen av vedtak og klarte å optimalisere drifta. Fokus vidare blir å kontinuerleg tilpasse ressursar opp mot vedtak.

Vi fikk starta eit prosjekt opp mot Velferdsteknologi gjennom «Omsorgsteknologiens ABC», der vi både har ressursperson og leiar for prosjektet tilsett i tenesta. Dette blir no implementert i tenesta vår gjennom at tilsette får delta i vidare opplæring og implementering.

Bu- og avlastningstenesta

Bu- og avlastningstenesta leverer helse- og omsorgstenester til menneske med ulike funksjonshemmingar.

Tenesta er delt inn i to einingar og har til saman fire bufelleskap og fire butiltak rundt enkeltpersonar. Vi har og avlastingstenesta som gjev timebasert avlasting, aktivitetsbasert avlasting og avlasting i private heimar. I tillegg vert det ytt tenester til personar som bur i eige husvære utanom bufelleskapa eller hjå familie.
Bu- og avlastingsteneste har i 2017 hatt periodar med auka hjelpebehov knytt til einskilde brukarar. Dette har ført til at ein har måtte auka bemanninga i periodar og for nokon har dette vore eit vedvarande behov. Me har fokus på å nytta personale på tvers av einingane der ein ser moglegheit for dette. Dette krev mykje i form av koordinering og kan vera belastande for brukarar då dette kan verta lite føreseieleg for dei.

1. Målsetjing i budsjett

Målsetjing i budsjett				
	Budsjett 2016	Resultat 2016	Budsjett 2017	Resultat 2017
BUA 1 & 2	36 696 814	39 919 840*	38 347 518	39.253.916

*) Dette tallet måtte endrast pga endringer av leiarløn ifht refusjon ressurskrev. bruker. Halvparten av leiarløn BUA er rekneskapsført under ansvar 50820, mens budsjettmidlane låg i BUA i 2016. I 2017 ligg alt under ansvar 50820.
Meirforbruk i 2017 er 906.398, reduksjon av refusjon ressurskrevjande brukarar. Stillingar har stått vakant for å prøve å ta inn noko av manglande refusjon.

2. Fokusområde

Fokusområde i 2017 frå temaplanar/kommunedelplanar/ budsjett	Målsetjing 2017	Resultat 2017
Ha eit særskilt fokus på vedtak	Tett samarbeid med forvaltninga rundt vedtak	delvis gjennomgang og tilpassing av vedtak
Byggje 10 nye omsorgsbustadar	Planleggje/beslutta/oppstart	omt er i hovudsak avklart og arkitekt har begynt å teikna. Dialog med Husbanken
Setja i verk tiltak skildra i helse- og omsorgsplanen	Kontinuerleg	ıstadbygging, styrking av forvaltning og satsing på velferdsteknologi har hatt fokus i perioden

3.

Brukarar/vedtak		
	Resultat 2016	Resultat 2017
Tal brukarar	46	49
Tal vedtak	58	64**
Tal avslutta vedtak	5	0
Tal timar pr år	123 624 timer	Vedtakstimar 90 896 Tenestetimar 120 848*

* Forskjellen mellom vedtakstimar og tenestetimar skuldast at det er gjort feil ved utrekning av timetalet i vedtaka. I mange tilfelle kjem vedtakstimane berre fram i tekst, men ikkje i timetal. I tenestetimane er ikkje rekna med ferievikar, ekstravakter, sjukevikarvakter og liknande.
** Mange brukarar har både eit vedtak for heimetenester og eit vedtak for heimesjukepleie.

4.

Kvalitetsindikatorar			
	Resultat 2016	**Mål 2017**	**Resultat 2017**
Auka dekning av vernepleiar-/høgskuleutdanna i tenestene til funksjonshemma	26**	26**	29***
Styrke tal årsverk på fagutdanna	21,5	21,5	20,4
Desentralisert vernepleiarutdanning for tilsette	1	2	1
Heva generelt kompetansenivå i miljøarbeid med utviklingshemma i Bu- og avlastningstenestene	Strategisk kompetanse-plan utarbeidd	Kompetanse-bygging ihht plan	Plan er fylgt men ingen søkarar i 2017.
Individuell plan*	11	21	12
Gjennomføra brukarundersøkelse		Gjennomføra	Ikkje gjennomført

* Alle brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett på individuelle planar og skal prioriterast. Individuell plan skal bidra til at brukarane veit kva tenester dei kan vente seg, og gje oversikt over - tenestetilbodet.

** 16 av desse er knytt til 4 tenestemottakarar med Medlevarturnus, slik at det er 9 høgskuleutdanna att til dei andre tenestemottakarane. Den eine av dei 26 tilsette er tilsett i 25 % stilling, ein i 50 % medan dei andre 24 tilsette har 100% stilling.

*** 16 av desse er knytt til 4 tenestemottakarar med Medlevarturnus, slik at det er 13 høgskuleutdanna att til dei andre tenestemottakarane. Av dei 13 er 6 i svært små stillingar og 5 årsverk knytt til fagkoordinatorstillingar. 24 tilsette har 80-100% stilling.

Ekstravakt vert nytta når skule og Opro er stengt, eller fordi tenestemottakar må vera heime pga sjukdom eller liknande. Då må bemanninga ofte aukast. I tillegg vert ekstravakt nytta ved feriereiser. Ved sjukehusinnleggelsar vert det også nytta ekstravakt. Dette vert refundert frå sjukehuset i etterkant.

Utdanning: BUA har 1 vernepleierstudent, 2 som fullførte fagskule i miljøarbeid og 2 som fullførte helsefagarbeidarutdanning i 2017. I tillegg har vi hatt 2 lærlingar.

Nye omsorgsbustader: Det vart gjort ein moglegheitsstudie i 2016. Det er no under arbeid ferdigstilling av teikningar til eit av byggeprosjekta.

MILJØ OG TEKNIKK

Sektoren si økonomiske ramme	Reknesk 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017
Miljø og teknikk	21 495	21 049	446

Sektoren har eit rekneskapsmessig meirforbruk som skriv seg frå Brann- og redningstenesta, i hovudsak lønskostnader. Delar av meirforbruket er dekka med reduksjonar på andre området innan Miljø og teknikk.

Sektor for miljø og teknikk er delt i to hovudeiningar:

1. Tenester til kommunen sine innbyggjarar innan vassforsyning, avlaupsanlegg, kommunale vegar, tømming av septiktankar og andre kommunale etatar som skule og barnehage, pleie og omsorgsteneste ved nybygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg.
Har og ansvar for større og mindre investeringsprosjekt.

Prosjekt og aktiviteter	Resultat 2017
Bustader for personar med utviklingshemming; minst 10 nye bueiningar	Planleggar 2 nye på Solplassen, 5 nye på Geiteryggen, og 6 nye på Myrane. Solplassen, planlagt byggestart hauast 2018.
Nye bustader Haus Hetlevikhuset; Oppgradering til bustadutleige	Forprosjekt frå ARK på 3 nye bustader 1 etg. Anbod og mottatte tilbod. Vurdering av betongkvalitet frå konsulent. Vidare arbeid stansa, jfr budsjett 2018.
Planlegging og bygging nyanlegg vatn og avlaup	Nytt anlegg Hosanger, Raknes, Hamre. Planlagt og ut på anbod. Planlagt byggestart vår 2018.
Omlegging veg Litland.	Planarbeid starta.
Oppgradering div skular og barnehage	Haus barnehage; nytt ventilasjonsanlegg eldre bygg, utvida/oppussa garderobe, ny base uteavdeling (glasbygget), Lavvo.Prosjektert og utført, Ferdigattest. Hauge barnehage Uteavdeling (Lavvo) ferdig. Fotlandsvåg barnehage; Uteområde med ny platting og nytt vognskur Mjøsdalen barnehage; ombygging garderobe Lonevåg barnehage; oppgradering Selja og Furustubben Valestrand barnehage Utviding; Paviljongbygg med to nye avdelingar planlagt Osterøy ungdomsskule; oppgradering skulekjøkken Haus skule; div ombygging og oppgradering.
Ny barnehage Hauge; utvide kapasitet	Arbeid pågår med utviding av gjeldande reguleringsplan,
Innløysing festekontrakter/kjøp av grunn, utbyggingsavtaler	Utført. Arbeider med fleire utbyggingsavtaler. Bustader kjøpt for utleige.
Enøk – veglys, symjebasseng, kommunale bygg	Arbeid med med utskifting av gamle veglys til ny LED armatur pågår. Nye LED armatur Rådhuset, utføret. Enøk symjebasseng ikkje utført.
Planlegging og oppstart Coopbygget (Familiens hus)	Planlegging og innhente anbod utført. Byggestart vår 2018.
Flaumsikring Valestrand - Kringastemma	HS- vedtak for avklare omfang. Planlegging starta .
Kartlegging av feiing og tilsyn av hyter og fritidsbustader.	Vedtak om innføring av gebyr. Kartlegging starta.
Integreringsbustader; Små utleigeeiningar	Anbod og mottatte pristilbod, Lokalisering flytta til Reigstad, ferdigstillas April 2018.
Rådhuset; ombygging inkl. NAV	Utført.

Arbeid med vedlikehaldsplan bygg, kommunale vegar	Vedlikehaldsplan er under revisjon.

Brann- og redning, feiarteneste

Kvalitetsindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Talet på pipebrannar	1	4	5	7
Talet på tilsyn bustader	401	114	550	255
Unødige utrykkingar	22		16	32
Talet på feiingar	905	909		242

Brannvernet hadde 97 utrykkingar og oppdrag i 2017, det er 24 fleire enn i 2018. Det har vore 3 brann i bygning. Det har vore 3 alvolege trafikkulukker med pesonskade.
Ingen personar er skadd eller omkomne i brann i 2017.
I skredulukke på Votlo 07.12.2017 omkom 1 person.

Risikobaserte tilsyn i særskilde brannobjekt er utført.
Ein har hatt brannvern informasjon, samt førebyggjande brannundervisning for elevane i 6. og 7. klasse og flyktningar. Samelege tilsette i bufellesskap har fått grunnleggjande brann –og fyrstehjelpsundervisning, og me har delteke i dei landsomfattande brannvern aksjonane der heimetenesta har vore involvert. Vidare har me avhalde open brannstasjon, med fokus på «trygg heime».

Dei siste åra har ein hatt vanskar med å rekruttera stabilt personell til feie og tilsynstenesta. Dette er årsaka til den låge aktiviteten. I 2017 hadde ein i ein periode og innleid personell frå Bergen brannvesen.

Kommunale bygg

Rapportering på nybygg og vedlikhaldsplan ihht vedtekne mål

Kommunen sine mål ved nybygging:

Ved nybygging og utviding av kommunale bygg / anlegg skal det leggjast vekt på:

- Å velje standard og utforming som svarar til oppgåva, å væra brukarvenlege og fleksible i høve til endringar
- Å velje materiale, utforming og teknisk løysing som førebyggjer framtidig vedlikehald
- Å prioritera inneklima og ergonomi som sikrar eit godt fysisk arbeidsmiljø
- Å velja energieffektive løysingar som er med på å oppfylle kommunen sin klima- og energiplan

Måloppnåing:
- Prosjektering av familiens hus.
- Utskifting av veglys på kommunale og fylkeskommunale vegar til LED belysning.

Kommunen sine mål for vedlikehald:

Kontinuerlig vedlikehald skal ta vare på dei verdiane som kommunen sine bygg / anlegg representerer ved å:

-
- Sikre at verdiane vert teke vare på ved førebyggjande vedlikehald
- Omgåande sete inn tiltak for å hindre at skader og slitasje får utvikle seg
- Ivareta det estetiske, også i uteområde

Måloppnåing:

- Funksjonalitet i samsvar med bruk, delvis utført
- Førebyggjande vedlikehald, i liten grad utført pga for låge budtsjett
- Akutte skader og reparasjoner utført.
- Uteområde og leikeplasser skular og barnehager er oppgradert
- Rådhuset, nye LED armatur,

Vidare status vedlikehaldsplan (arbeid som ikkje er utført vert overført til plan 2017)

Bygg	Planlagt vedlikehald	Utført
Fotlandsvåg barnehage	Utvendig kledning og overflater.	Det er skifta noko kledning og
	Takrenner	takrenner er ok
	Div uteområde	Hovudsak utført inkl vognskur (investering)
	Ledelys	Er utført
	Utv maling, golvbelegg, ventilasjon	Ikkje utført
Haus barnehage	Solavskjerming	Utført (investeringsmidler)
	Belegg i 2 avdelingar	utført
	Nytt ventilasjonsanlegg	Utført (investeringsmidler)
	Asfaltering sykkelsti	kkje utført
Lonevåg barnehage	Vask/maling utvendig	Ikkje utført
	Nytt gjerde heile barnehagen	utført
	Oppgradering 2 avd	Utført (investeringsmidler)
		Branntetting kanaler er utført
Mjøsdalen barnehage	Golv, overflater	Delvis utført
	Kjøkken, garderobe	Garderobe og lager utført (investeringsmidler)
Valestrand barnehage	balkong. Asfalt	Rekkv - Balkong ok. asfalt manglar
Haus skule	Veg, parkering, leik, uteomr.	Leikeapparat/uteomr. Inkl svalgang utført. parkering ikkje utført
	Takvindu, maling	ikkje utført
	Div innvendig oppgradering	utført

Lonevåg skule	Innvendige takplater gammalt bygg	Ikkje utført
Valestrand skule	Utvendig kledning, maling	Ikkje utført
	Takrenner, nedløp	Delvis utført
	Brannklokker gymbygg	utført
	Oppgradering uteområde	Utført, (investeringsmidler)
	Trafikksikring og parkering	Planlegging starta
Osterøy ungdomsskule	Belegg klasserom	ikkje utført
	Oppgradering kjøkken	Utført(investeringsmidler)
Fotlandvåg skule	Kledning, maling	ikkje utført
	Membran dusj	ikkje utført
	Trafikksikring ved skulen	utført
Hauge skule (vaksenopplæringa)	Synleg armering, vinduer	Utført, vinduer ikkje utført
Osterøytunet	Maling, råten kledning mot nord	Ikkje utført
	varmeovner	ikkje utført
	Ny ventilason Ergo- fysio	utført(investeringsmidler)
Rådhuset		
Peraplassen avlastning		Ny lyddør og lysarmatur

Kommunale bustader
Det er kjøpt og leigd inn bustader til ulike formål.

Kommunale vegar
Arbeid med prosjekt, hovudsakleg uteområde Valestrand skule og vakant stilling haust 2018 har redusert kapasitet til vanleg vedlikehald. Kantklipping utført. Delvis kontroll av bruer og kaier. Mild vinter med lite snøbrøyting. Nye ladestasjoner Haus, Lonevåg og Valestrand. Ny vedlikehaldsavtale for veglys.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Asfaltering kommunale vegar	5,4km	Totalt 2,3 km i samband med prosjekt Njåstadvegen	Ca 1 km	0 km,

Miljø og trafikksikringstiltak
Div planleggingsarbeid mellom anna starta planlegging av bussnusløyfe og parkering ved valestrand

skule. Prosjekt mot forsøpling i regi av BIR gjennomført.

Førebygging vassdrag, flaum og ras
Arbeid med sikring av bustad Geitrem starta. Utført vurderingar i samband med ras.

Vatn, avlaup

Tabell under syner produksjon av reintvatn ved dei ulike vassverka.

Produsert vassmengd m3	2016	2017	2018	2019
Daltveit VBA	437 140	474 488		
Fotlandsvåg VBA	58 260	67 949		
Haus VBA	79 453	73 241		
Bruvik VBA	30 713	28 506		
Hamre VBA	9 339	9 588		
Raknes VBA	7 321	6 586		

Ingen spesielle hendingar i 2017. Kjørt nioko vatn til Gjerstad vassverk pga for liten kapasitet. Kjørt noko vatn til Hamre i sommarhalvåret.
For va-prosjekta Haus, Mjeldalen og Tysse er sluttopgjer med entreprenør ikkje sluttført.

Slamtømming:
Slamtøming utført.

-

RÅDMANNEN MED STABSSEKSJONAR

Sektoren si økonomiske ramme	Reknesk 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017
Rådmannen med stabsseksjonar	58 367	57 254	1 112

- Meirforbruk kr 1,1 millionar
  - Avviket knyt seg i stor grad til lønsutgifter inkl sosiale utgifter
  - Ulike meirutgifter er i stor grad dekka med reduserte utgifter andre stader i Staben
  - Vakansar er i stor grad nytta for å redusere meirutgiftene
  - Einingar/område med mindreforbruk:
    - Lærlingar
    - Politisk-Adm.sekretariat
    - Økonomikontor
    - Teknisk forvaltning
    - Plan
  - Einingar/område med meirforbruk:
    - IKT
    - Reinhald
    - Frivilligkoordinator
    - Rådmannen inkl fellesutgifter

Plan

Kommune(del)planar og reguleringsplanar			
	Oppstarta	Planar m/ aktivtet	Vedtekne
2017	2	15	3
2016	4		2
2015	10		1

Prioriterte oppgåver plan (jf. gjeldande planstrategi)	Mål 2017 budsjett	Resultat 2017
Områderegulering Valestrand	Endeleg vedtak	Endeleg vedtak
Heilskapeleg ROS Osterøy kommune	Endeleg vedtak	Under arbeid
Kommunedelplan for sjø- og strandsona	Endeleg vedtak	Ferdigstilling
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Utarbeiding av planframlegg	Under arbeid
Kommuneplanen sin arealdel	Ferdigstille justering /feilretting.	Ferdigstilling
Områderegulering Lonevåg	Utarbeiding av planframlegg	Oppstart m/ høyring planprogram
Kommunedelplan oppvekst	Budsj.kap. Oppvekst, undervisning og kultur	Vedtak planprogram
Handsaming og rettleiing - private planar.	Kontinuerleg	Kontinuerleg
Div. mindre detaljreguleringsplanar (i kommunal regi)	pågåande	Hauge BHG på høyring
Digitalisering av planar jf. FDV-avtale og geovekstsamarbeid	Vurdere eldre planar inn i prosjektet, avhengig av ressursar	Pågåande
Digitalisering og georeferering av dispensasjonssaker jf PBL §2.2	Oppstart	Ikkje starta opp.
Utarbeiding kulturminneplan/ Kartlegging kulturminne	Utarbeiding dersom ressursar	Sett på vent.
Verdsetting av friluftsområde	Vidare kartlegging og verdsetting dersom ressursar	Sett på vent.

Utvida kartlegging / Barnetråkkregistrering – initiativ opp mot barneskulane	Oppfølging – vidare kartlegging (samarbeid med skulane)	Sett på vent.
Standarisering og rutineskildringar for sakshandsaming privat planarbeid	Ferdigstille. Kontinuerleg oppdatering og kvalitetssikring.	Kontinuerleg.

Seksjonen sine oppgåver er knytt til samordning og gjennomføring av kommunale (plan)prosessar, arealplanar og samfunnsplanar. Visjonen til planavdelinga er å bidra til å skape den beste berekraftige kommunen å leve i. Seksjonen har i 2017 bestått av 3 planleggarar i tillegg til folkehelsekoordinator (20% stilling) og frivilligkoordinator. Avdelinga var lagt under felles leiarressurs med teknisk forvaltning i 2017.

Avdelinga sine hovudprioriteringar tek utgangspunkt i vedteken planstrategi frå 2016, rådmannen sine prioriteringar av oppgåver som vert lagt til avdelinga og handsaming, råd og rettleiing av private planar. Utover dette jobbar avdelinga med større og mindre andre oppgåver.

I 2017 har planavdelinga jobba med å:

- ferdigstille planframlegg for kommunedelplan for sjø- og strandsone
- ferdigstille utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel
- ferdigstille planprogram for kommunedelplan for oppvekst
- ferdigstille planprogram for områderegulering av Lonevåg sentrum
- ferdigstille utkast til heilskapleg ROS for Osterøy kommune
- ferdigstille utkast til reguleringsendring for Hauge barnehage

Arbeidet med heilskapeleg ROS for kommunen har hatt høg prioritet då kommunen ikkje har ein slik pr dd. Fylkesmannen har på bakgrunn av tilsyn i 2013 kritisert kommunen for mangel av kommuneROS og gjevevarsel om dagmulkt dersom ikkje ein kjem i mål med arbeidet. Ved nytt tilsyn siste del av 2017 var fylkesmannen ved beredskapsavdelinga nøgd med arbeidet så lang og har gjeve ny frist til ut 2018 å få vedteke heilskpleg ROS for kommunen og revidert overordna beredskapsplan.

Utover dette har avdelinga arbeida med handsaming av private reguleringsplanar og vert involvert i planarbeid og andre prosessar til sektorane og andre einingar.

Tilskot til analyse, design og planarbeid
I 2017 klarte avdelinga å utarbeide gode søknadar på relevante tilskotsordningar. Ein fekk tilsagn på søknadar om midlar frå regionale og nasjonale mynde på tilsaman 1.512 500NOK til utarbeiding av:

- Designmanual for Valestand sentrum
- Moglegheitsstudie - Lonevåg sentrum
- Konseptanalyse flaum og overvasshandsaming - Lonevåg sentrum
- Temaplan for massar (knytta til K5 prosjektet)
- Areal- og transportanalyse

Dei fleste av desse arbeida er no i sluttfase eller er ferdigstilte. Areal- og transportanalysen og temaplan for massar vil vere eit godt forarbeid til oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel. Designmanual for Valestrand sentrum vil vere eit godt verktøy for val av utforming og løysingar i Valestrand sentrum, men også ved realisering av Lonevågplanen og andre tettstadar og bygder på Osterøy. Designmanualen kan gi inspirasjon og bidra med gode råd og rettleiing i høve til kvalitetar i utforming av fellesareal, uterom og møteplassar.

Folkehelsekoordinator

Folkehelsekoordinator er ei 20% stilling under plan og har ei koordinerande rolle i kommunen sitt folkehelsearbeid. Siste halvår av 2017 har ein starta arbeid med å få på plass det løpande folkehelsearbeidet i organisasjonen. Organisasjonen er pålagt å ha ei løpande oversikt over befolkninga sin helsetiltand og faktorar som kan påverke folkehelsa. Dette er arbeid som er sett i gang i 2017 og som vil fortsette i 2018.

I 2017 har folkehelsekoordinator, saman med andre frå organisasjonen, delteke i kompetansehevande

tiltak (kurs og seminar) mellom anna konferanse om barns levekår, konferanse om barnefattigdom, folkehelsekonferanse, ungdataundersøkelsen og oppfølgjing av denne, trafikksikringskonferanse, fagdag om sykkel og fagdag om sosial ulikskap i helse.

Folkehelsekoordinator jobbar tett med frivilligkoordinator og ulike fagpersonar innan dei tre sektorane i kommunen.

Frivilligkoordinator

Frivilligkoordinator har ansvar for utvikling av frivilligpolitikk i Osterøy kommune. I løpet av 2017 har ein gjennomført medverknad med frivillig sektor, og fått på plass eit utkast til frivilligpolitikken.
Frivilligkoordinator forvaltar kommunen sitt ansvar for spelemiddelsøknadar, og har i tillegg hovudansvar for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av nye anlegg.
Frivilligkoordinator er kontaktperson mot Bergen og omland friluftsråd, og tar del i utvikling av friluftsområder i kommunen. Frivilligkoordinator er også koordinator for TV-aksjonen kvart år.
Frivilligkoordinator fekk frå november 2017 ansvar for å koordinere ungdomsrådet i kommunen. I tillegg har frivilligkoordinator eit godt samarbeid med folkehelsekoordinator, og har delteke på folkehelseseminar og andre relevante nettvekssamlingar for folkehelse.

GIS-koordinator

Geografiske informasjonssystem (GIS) - forklaring henta frå kartverket:
*Geografiske informasjonssystemer tilbyr funksjonalitet for blant annet innsyn til, forvaltning og analyse av stedfestet informasjon. Et **GIS**-system har grensesnitt der stedfestet informasjon kan presenteres grafisk i form av kart.*

GIS-koordinator har ansvar for å tilretteleggja for mest mogleg effektiv bruk av kartdata/programvare. Stillinga skal vere ein støttefunksjon i organisasjonen i høve til programvare, kart og kartdata. Dette inneber å ha innsikt i andre fagområde og vere oppdatert på utvikling og moglegheiter for nye løysingar relatert til GIS. Det er difor viktig å ha god kjennskap til programvare og verktøy kommunen nyttar og eit godt samarbeid med GIS-nettverket og kompetansen i nordhordlandskommunane.

GIS-koordinator har ei svært viktig rolle i vår organisasjon for å sikre god kvalitet og tilgjenge til kunnskapsgrunnlaget (td. DOK-data) som skal inngå i sakshandsaming for td. plan, byggesak, landbruk og oppmåling. Andre fagområder er også avhengig av eit godt kartgrunnlag og god funksjonalitet for si oppgåveløysing. Oppdatert og tilgjengeleg kartinformasjon er sjølvsagt også svært viktig for innbyggarane, næringsaktørar og andre.
GIS-koordinator har på slutten av 2017 jobba mykje med å få på plass informasjon i nytt planregister, då Nordhordlandkommunane skifta leverandør for planregisterløysing, https://www.nordhordlandskart.no/pr. Nytt planregister er eit pilotprosjekt for Nordhordalandskommunane gjennom NH-digitalt som er delvis finansiert av prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Målet er å utvikle eit betre verktøy med plandialog heller enn eit reint planregister.

Teknisk forvaltning

Byggesak

Byggesaksavdelinga har i 2017 hatt om lag 3,75 årsverk.

Byggjesaker - matrikkeldata:

Byggjeløyve for bustader, fritidsbustader og andre bygg			
	2017	**2017**	**2016**
Heilårsbustader	33 leilegheiter	10	23
Fritidsbustader		1	2
Andre bygg*		25	23
*Næringsbygg, garasjar, naust osb.			

Sakstype	2015	2016	2017
Førehandskonferanse	5	6	11
Søknad utan ansvarsrett	24	26	29
Søknad med ansvarsrett	109	117	113
Delingssaker	49	27	16
Igangsetjingsløyve	22	17	11
Endringssøknad	46	36	25
Utslepp	13	12	9
Tilsyn	70	66	40
Dispensasjon	91	81	97
Jordlova	16	5	1
Tiltak etter hamne- og farvasslova	4	2	1
Krav om oppdeling i eigarseksjonar	12	5	7
Klagesaker	20	12	25
Mellombels bruksløyve	33	35	18
Ferdigattest	108	110	89
Mangelbrev		103	112
Saker i utval	67	52	69
Delegerte vedtak	427	394	338

Avdelinga hadde i delar av året tilført ekstra ressursar i form av vikariat. Arbeidsoppgåver for vikaren var mellom anna handsaming av søknader, utarbeiding av tilsynsstrategi i kommunen og oppstart av utarbeiding av lokal føresegn for utslepp.

Talet på dispensasjonssøknader har stige og utgjer 61,4 % av alle søknader om løyve til tiltak. Dette kan tyde på at utbyggjarane ikkje legg gjeldande planar til grunn ved prosjektering av tiltak, og at gjeldande planar over tid vert eit dårlegare styringsverkty for kommunen.

Målsetjing i budsjett	Resultat 2017
Innføring av ByggSøk bygning (samarbeid med IKT- Nordhordland)	Endra til innføring av eByggesak: arbeidet er starta opp.

Målsetjing avdeling	Resultat 2017
Handsame søknader innanfor vedtekne sakshandsamingsfristar.	45 søknader der lovpålagt sakshandsamingsfrist er overskriden: • 11 dispensasjonssøknader • 19 søknader om tiltak • 11 klagesaker • 4 andre søknader Dette er ei betring frå 2016 då 67 søknader hadde overskriden frist. Ein del saker er i plan- og kommunalteknisk utval utsett for synfaring. Dersom sakshandsamingsfristen for dispensasjonssaka vert overskriden fører dette til at sakshandsamingsfristen for søknad om tiltak i tillegg vert overskriden, og sakene vert talt 2 ganger.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsavdelinga handsamar oppmålingsforretningar og har ansvar for tiltaksbase og

byggbase. Avdelinga fekk auka bemanning frå 3 stillingar med 2.2 årsverk til 4 stillingar med 3.2 årsverk den 06. februar. Då begynte ein arbeidstakar i kombinert stilling som landmålar/GIS-ansvarleg. Den nye arbeidstakaren server/ er støttefunksjon for andre avdelingar på GIS-data.

	2015	2016	2017
Nye saker til oppmåling (antal eigedomar)	53	50	29
Krav om samanslåing, nye saker	10	14	7
Avslutta oppmålingssaker (antall eigedomar)	73	70	35
Grensepåvisning	0	0	0
Klarlegging av grenser som ikkje er koordinatbestemt tidligere	3	4	3
Grensejustering	5	4	4
Arealoverføring	17	4	8
Andre saker	3		
Vegvesen saker	13	5	2
Frådeling	32	53	18
Ikkje fullført oppmålingsforretning. Utsetje grensemerking til tomta er opparbeidd, maks 5 år (1)	19	28	28

Kommentar til punkt (1) i tabellen

Ikkje fullført oppmålingsforretning er saker der det er gjort vedtak på å vente med grensemerking til tomta er etablert. (vanlegvis byggefelt). Nytt bruksnummer blir tinglyst, eigedomen blir ført inn i det digitale eigedomskartet og ny eigar kan få skøyte på eigedomen. Matrikkellova set krav til at det må haldast endelig forretning innan 2 år. Frå 01.01 2016 vart det mogleg å utsetje merking av eigedomen i ytterligare 3 år. Det må då haldast fullføring av oppmålingsforretning i marka, der det vert laga avtale på *utsett merking*

Målsetjing

Ein årleg målsetjing er å klare å halde tidsfristane på nye saker for å unngå tap av gebyrinntekter.

Aktivitet og resultat

- Tidsfristane er halde på alle saker som vart fullført, og sakshandsamingstida ligg godt under målet på 16 veker. Det er mindre nye saker enn året før, men det er fleire store og krevande frådelingssaker.
- På Loftås vart det gjort vedtak om 28 *ikkje fullførte oppmålingsforretningar* på tomtar som blei rekvirert før 2017. (Sjå kommentar)
- Det er signert avtale om *utsett merking* på 6 tomter som det vart gjort vedtak om ikkje fullført oppmålingsforretning på tidlegare. (Sjå kommentar)
- Av avslutta saker gjaldt 4 saker fullføring av ikkje fullført oppmålingsforretning. 3 av sakene var gamle saker

Adresseprosjektet

Avdelinga har vore engasjert i arbeid med adresseprosjektet med oppretting av planlagte adresser i kartet, varsling av partar, bestilling av skilt og ansvar for skiltplan. Det står att namnesaker på 17 vegar, og ein del stølar/hytter på felleseiga i fjellet må registrerast med adresse.

Retting av grenser i det digitale egedomskartet

Det digitale eigedomskartet har store feil og manglar. Det kjem jamnleg spørsmål om kartretting som vert utført.

Ajourføring av tiltaksbasen og byggbasen
Kartverket gir «gulrot» til kommunar som gjer ein god jobb med tiltaksbasen og legg inn omriss av nye bygg. Kommunen får ein partskonto som kan brukast til å dekke noko av kartleggingskostnadane. Nytt av i år er at kartverket også gir «gulrot» for for registrering i AR5 basen. Osterøy kommune fekk «full pott» i 2017 på føring av tiltak/registrering av AR5 basen. Det er etterslep i gamle saker på tiltaksbasen, og Kart og Oppmåling har begynt arbeid med etterslepet.

Innføring av elektronisk tinglysing
Det vart innført elektronisk tinglysing frå 18 april på saker uten vedlegg. Saksgangen er korta ned med ca. ei veke på slike saker.

Føring av konsesjon i matrikkelen
I 2017 vart det vedteke å føra konsesjon i matrikkelen. Dette er ei ny registreringsoppgåve for kommunen. GIS-ansvarlig har utført denne jobben og lært opp ansatte på servicekontoret.

Innføring av Sentral FKB
Sentral FKB vart innført**.** Sentral felles kartdatabase er eit forvaltningssystem der kartdata frå kommunane blir direkte oppdatert i ein sentral database i Kartverket. Kartdatabasen gir alle brukarane tilgang til ferske og kvalitetssikra data.

Landbruk

Jordbruk
Jordbruket er ei stor næring i kommunen som har greidd å oppretthalde overraskande stabilt tal på aktive brukarar over lengre tid.
2017 var eit vanskeleg år med tanke på innhausting av grovfôr. Det resulterte i 6 søknadar om avlingsskadeerstatning.

Innovasjon Norge (BU-midlar)
I 2017 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til 4 søknadar (tiltak) - tilskot og lån.

Særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar)
Under SMIL-ordninga blei det løyvd 66.570 kr. i SMIL tilskot i 2017 til 6 tiltak.

Produksjonstilskot i landbruket				Regionale miljømidlar		Avløysing ferie og fritid		Refusjon for sjukeavløysing	
År	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal aktive mjølkekvotar	Tal søkjara	Utbetalt (tusen.kr)	Tal søkjara	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjara	Utbetalt (mill.kr)
201	241	19,02	42	47	0,85	84	3,14	7	
201	234	19,0	42	48	0,85	81	3,10	11	
201	228	19,3	43	48	0,66	80	3,03	12	

Kjelde: Landbruksdirektoratet, LIB

Skogbruk
I 2017 blei det avverka 11920 m3 tømmer med ei førstehandsverdi på kr 3.222.538,-. Dette er eit historisk svært høg avverking for Osterøy kommune og er eit teikn på at skogen som blei planta på 1950 og 1960 talet nærmar seg hogstmogen alder. Tilsvarande hogst for 2016 var 7438 m3.
Det blei i 2017 planta 5115 juletre og meld inn sal av 1200 juletre til ein verdi av 216.400,-.
Det er plikt til å planta til areal som er blitt avverka. I Osterøy kommune blei det tilplanta 7200 gran etter avverking i 2017. Tilsvarande blei det ikkje planta gran i 2016,men 53700 granplanter i 2015. Det blei i 2017 ytt tilskot til hogst i vanskeleg terreng på vel 41000,-.

Sakstype	2015	2016	2017
Søknad om miljøtiltak i jordbruket, SMIL .	5	9	6
Søknad om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK /	7	1	1

Søknad om Bygdeutviklings-midlar (BU-midlar)	3	2	4
Tilskot til drenering av jordbruksjord	7	0	4
Søknad om bygging av landbruksveg	2	2	3
Søknad om omdisponering etter jordlova, §9	2	12	6
Søknad om deling etter jordlova, §12	13	9	9
Konsesjonslovssaker **)	9	6	2
Dyrka og dyrkbar jord i alt godkjent omdisponert til andre formål enn landbruk etter pbl. (daa)	1	9	
Klagesaker (Jordlova, Konsesjonslova)	2	1	6
Søknad om endring / godkjenning av vald/bestandsplanområde for hjort.	3	5	6

**) I tillegg til sjølve konsesjonslovssakene har ein arbeid med svært mange eigenfråsegner.

I 2017 blei det innført elektronisk registrering av konsesjonsinformasjon (eigenfråsegn) i matrikkelen.

Viltforvaltning
Osterøy kommune er av dei største hjortekommunane i Hordaland, med 390 felte hjort i 2019 – ein oppgang i frå 367 i 2016. Fellingsprosenten var med 84 % igjen oppe på eit historisk høgt nivå – berre 2011 var høgare med 85%.
I 2017 var det 36 godkjende hjortevald i kommune, der av 7 storvald og 29 ordinære vald i kommunen. 7 vald får tildelt fellingsløyve med bakgrunn i godkjend bestandsplan.

Hjortejakta i Osterøy kommune				Fallvilt, stk.		Utfall etter ettersøk			
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldt	Hjort	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2017	466	390	83,7		16	4	5	1	5
2016	468	359	76,7		12	2	3	1	6
2015	496	367	74,0		16	6	7	0	3

Veterinærtenester
Osterøy kommunen administrerer veterinærtenestene for Veterinærvakt distriktet Osterøy og Bergen Nord. Denne ordninga vert finansiert gjennom tilskot frå Staten. Osterøy Kommune får administrasjonstilskot for administrering av Veterinærvakt distriktet.

Service, informasjon og dokumentsenter

Servicekontoret er eit felles kontaktpunkt for offentlege tenester og tilbyr publikumsretta tenester frå både stat og kommune. Avdelinga har 8,3 årsverk

Dokumentavdelinga har dokumenthandtering og arkiv som hovudoppgåve i samsvar med lover og forskrifter. Avdelinga utfører i tillegg ein del sakshandsamaroppgåver og fellesoppgåver som innkjøp og felles postmottak. Dokumentavdelinga skal hjelpa sakshandsamarane i dei ulike fagsystema. Avdelinga har som oppgåve å ha opplæring for alle sakshandsamarane i systema Acos Fokus, Asos barnevern, Acos sosial og Acos cosdoc.

Fleire på avdelinga deltar på ulike prosjekt saman med Nordhordlandskommunane. Det vart starta portalprosjet hausten 2017 og vil involverer fleire personar ved avdelinga. Det vart hausten 2017 inngått avtale med Dansk Scanning som skal skanne eigedomsarkivet til kommunen og ein innsynsløysing for desse dokumenta

Kvalitetsindikatorar	Status 2015	Mål 2016	Mål 2019
Gjennomføre årlege oppfriskingskurs i ACOS websak	2	2	2
Gjennomgang av kurs i Acos websak for nytilsette	Mange 1 til 1 kurs	Alle nytilsette	Alle nytilsette
Stjerner i Norge.no sin måling av offentlege heimesider		Ikkje gjennomført	5
Skrivbare PDF-skjema på heimesida	30	20	0
Elektroniske skjema på heimesida	17	30	Alle
Helsestasjon – arkiv/scanning		Oppstart	Ferdig
Restanse		Ikkje gjennomført	0
Levering av arkiv – museet	Kontinuerleg	Kontinuerleg	Kontinuerleg
Kommunal facebookside		Gjennomført	
SvarInn og SvarUt		Gjennomført	
Innføring av IDporten/Min ID			2018
Mine saker på heimesida			2019
Arkivdepot		6 hyllemeter er levert	

Nøkkeltal	2015	2016	2017
Inn dokument (websak, PPI, Acos barnvern, Acos sosial, Acos Cosdoc)	20038	15846	20247
Ut dokument	12158	111052	12668
Kart og nabolister som Servicekontoret har behandla	181	145	208/165
Infolandordrar som Servicekontoret har behandla	193	170	180
Innkomne telefonar til sentral/Servicekontoret		19400	23173
Gjennomført nybyrjarkurs og oppfriskingskurs i sakarkivsystemet		8	Alle nytilsette

*Osterøy kommune har avtale med Bring Diialog Norge AS som har utsending av velkomstbrev med brosjyre til alle som har flytta til Osterøy. «posten flyttehjelp»

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Ivareta volumtenestene som gjev stordrifsfordelar (kart, nabolister og konsesjon)	Ivaretatt
Ny portal på anbod 2017 Informasjon til publikum og presse via nettsidene til kommunen	Ny heimeside skal gjennomførast i 2018 Søk på postlista scorer framleis høgt.
Posthenting	Fortsett med same avtale
Restanse Halvert	Mål ikkje nådd
Stortingsval	2017

Reinhaldstenesta

Reinhaldstenesta ivaretek reinhald av ca. 28 000m² fordelt på rundt 20 bygg. Reinhaldstenesta har som føremål å skape eit godt inneklima, god hygiene og bidra til eit godt vedlikehald av kommunale bygg. Januar 2017 overtok me reinhaldet av fellesarealet på Lonevåg Arena, som me fakturerer utgifter for. Me har også i 2017 vore med i klargjeringsgruppa for flyktningeboligar. Reinhaldstenesta har ein leiar, ein fagansvarleg, 22 fast tilsette, pluss 9 vikarar i korte eller lengre vikariat. Det vart jobba mykje med sjukefråvær i 2017, og dette arbeidet vert vidareført i 2018. Det vert også jobba vidare med å motivere fleire til å ta fagutdanning innan reinhalsfaget.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017	Mål 2018
Utføra vurdert velikehald av alle golv for å unngå behov for utskifting	50%	60%	60 %	70 %
Medarbeidarsamtalar	13 av 25	30 av 30	26 av 30	30 av 30
Auka talet på fagarbeidarar	8,5 % av 24	21 % av 24	21 % av 24	29 % av 24

Løn, personal og organisasjon

Løn, personal og organisasjon ivaretek overordna personalfunksjonar, løn, fråvær samt verne- og velferdstenester. Til avdelinga ligg og mykje praktisk arbeid i forbindelse med val. Eininga er kontaktpunkt inn mot verneombod og tillitsmannsapparatet. Eininga har 4 heile og ein halv stilling.

Hovudoppgåvene til avdelinga er rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, arbeid i samband med inkluderande arbeidsliv (IA) og bedriftshelsetenesta, organisasjonutvikling, leiarutvikling, internopplæring innan personalområdet, rekrutteringsarbeid, utarbeiding og evaluering av kommunen sine felles rutinar og personalreglement, HMT-arbeid, lønnsutbetalingar (for eigne tilsette og tilsette i kyrkja) rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. A-melding, pensjon, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, fråvær) avstemming mot rekneskap, refusjonar.

Eininga har sekretariatsfunksjon for: Arbeidsmiljøutvalet, forhandlingsutvalet, tilsetjingsutvalet, AKAN og ADMU.

I 2017 var det mellomoppgjer tariff-forhandlingar med lokale forhandlingar for alle lønskapittel i tariffområdet. Forhandlingane blei gjennomført med einigheit med alle partane utan streik eller tvisteløysingar.

2017 har vore eit krevjande år for eininga men omlegging, digitalisering og effektivisering av rutinar. Mykje av arbeidet har medført dobbelt arbeid av gamle og nye rutinar for å få nye system og informasjonsflyt til å virke. Samstundes ser ein eit auka behov for bistand i krevajande personalsaker, rettleiarar, rådgjeving og bistand til implementering i einingane. Eininga har fått auka kompetanse i 2017 ved tilsetting av ny HR-rådgjevar som vil bidra til at eininga har grunnlag for å jobbe meir utviklingsorientert mot kommande behov.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Del av løn utbetalt til rett tid.	100%	100%	100%	100%
Samla sjukefråvær for organisasjonen	6,5%	7,3%	6,0%	6,7%
Del med lønsslippar som er elektroniske	90%**	92%	95%	100%
Elektronisk rekruttering			100%	100%

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Gjennomføre prosjekt for ombygging av rådhus	Prosjektet blei overført til konst. Rådmann/sektorleiar Oppvekst undervisning og kultur i 2017. Prosjektet er gjennomført og ombygging er gjennomført. .
Revidering av personalhandbok	Personalhandbok er oppdatert og handsama politisk.
Anbod bedriftshelsetenesta	Anbod om kjøp av tenester frå bedrifsthelsetenesta er gjennomført og ny avtale med Salutis HMS er inngått for perioden 2018 – 2020.
Utvikling av leiarrollen	Alle leiarar deltok på leiarutviklingsprogram I regi av Human-as i 2016. Arbeid med leiarrollen skulle vidareførast i 2017. Ein har ikkje kommet vidare med tydleggjering av leiarrollen eller leiarutvikling i året 2017 i påvente av ny rådmann. Tiltaket blir overført til 2018
Innføring av ny Vismal mal-kommune	Eininga har deltatt I fellesprosjekt med nordhordalands kommunane om innføring av felles malar og oppbygging av løn og personalsystem (HRM system). Ny mal-kommune blei innført frå januar 2018. Arbeidet med overføring, tilpassing og etterarbeid vil fortsette i 2018
Fokusere på sjukefråværsprosjekter/oppfølging	Arbeidsmiljøutvalet gjorde vedtak om å gjennomføre sjukefråværsprosjekt i Heimetenesta og reinhaldstenesta. Grunna ny einingsleiar og organisering I heimetenesta blei prosjektet satt på vent. Prosjekter er vidare utsatt grunna andre pågåande prosesser t.d. nedbemanningsprosessar. Reinhaldstenesta har starta kartlegging og behovsvurdering, men grunna manglande finansiering til tiltaka frå kartlegginga er prosjektet ikkje vidare gjennomført. Begge einingar har ei positiv reduksjon av fråværet i 2017. Samla har organisasjonen eit redusert fråvær frå 7,2% i 2016 til 6,7% i 2017. IA utvalet har utvida med to arbeidsgiverrepresentatar for å auke deltaking og forankring av arbeidet. Samstundes vil ein i større grad skape grunnlag for å overføre tiltak som har effekt i einingar som har lågt fråvær. IA utvalet vil vurdere tiltaka på nytt som har vore prøvd ut i 2015-2017 for å vurdere andre tiltak av mindre omfang

Kvalitetsheving av rekrutteringsprosjekt	Leiarane i sektorene har overtatt ansvaret med gjennomføring av intervju og førebuingar ved tilsettingar. Løn, personal og organisajon har framleis ansvar for det administrative arbeidet med utlysingar, tilsettingsnemnd og arbeidsavtalar. Alle rekrutteringar foruten arbeidsavtalar inntil 6 mnd. skjer elektronisk. Medverknad frå tillitsvalde er auka og formell handsaming i tilsettingsnemd er tydelegare strukturert som sikrer informasjonsflyt i etterarbeidet. Det er framleis behov for nye tilpassa malar og rettleiingar i rekrutteringsarbeidet samt omfattande opplæring til leiarane saman med mengdetrening. HR-rådgivar og HR-leiar har gjennomført sertifiseringer for nytt rekrutteringsverkty Ascend by Assessio med ny rekrutteringsplattform, verkty for strukturerte intervju i kombinasjon med personlighet og evnetesting i rekrutteringsprosesser. Arbeidet vil fortsette inn i 2018 med malar, rettleiing og opplæring.

Økonomikontoret

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Økonomirapportar til politisk nivå	6	5	6	3
E-handel	Oppstarta	105% AUKE	100% auke	14% auke
Avtalar med avtalegiro og e-faktura	20 % auke	12 % auke	20% auke	10% auke
Årsrekneskap ferdig til revisjon	Mai	Mai	Februar	Mars

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Utvikle rapporteringsrutinar for økonomirapporteringa I organisasjonen vidare	Utsett
Ta ut kvalitets- og effektivitetsfordelar i oppgradert økonomisystem	Utsett

Politisk-adm. sekretariat

Politisk-adm. sekretariat har ansvar for sekretariatsfunksjonar for politiske organ, ordførar, rådmann, Eldreråd, Rådet for funksjonshemma, ymse sakskomitear og administrative utval.
I tillegg kjem tilrettelegging for gjennomføring av val, beredskapsarbeid og informasjon på nettsidene til kommunen (både politisk og anna informasjon).

I midten av september starta ny medarbeidar i sekretariatet, og samla er det no 2 årsverk på avdelinga.

Aktivitet, resultat og analyse
Det har vore stor politisk aktivitet gjennom året og samla har det vore halde 37 møte i politiske utval og råd. Det vart halde stortingsval i 2017 og dette medfører meirarbeid for sekretariatet og alle som deltek i valavviklinga. Valavviklinga gjekk greitt, og omlegginga til færre røystekrinsar og elektronisk manntal

medverka til enklare og raskare valoppgjerd.

Med så mange møte går mykje av tid og ressursar til dette, og det vert mindre tid til utvikling av tenestene. Tildeling av litt større stillingsressurs vil vonleg hjelpa på dette når opplæringsperioden er gjennomført.

Sekretariatsfunksjonen for rådmannen og administrative møte ligg også til sekretariatet. Møtebehandlingssystemet og Møteportalen har effektivisert møteinnkallingar og møtearbeid, men det viser seg likevel utfordrande å halda alle tidsfristar.

Målsetting i budsjett	Resultat 2017
Kvalitet i sakshandsaming/dokument/rutiner	Pågåande arbeid (samarbeid med nordhordlandskommunane
Vidareutvikla sakspapiret for betre kvalitet i saksframstilling/vedtaksgrunnlag	Pågår i samarbeid med nordhord-landskommunane
Halda fristar for utsending av møteinnkalling/dokument (til PT, FS og HS)	Prioritert. Ca. 72%
Opplæring/rettleiing for sakshandsamarar	Fortløpande

Samfunnsmedisinsk eining

Samfunnsmedisinsk eining består av koordinerande eining og kommuneoverlege.
Leiar for koordinerande eining har gått over i ny stilling og ein har ikkje klart å ivareta god drift av koordninerande eining i 2016 eller i 2017. Ein ansatt har fått i oppgåve å tildele kooordinatorar.

Kommuneoverlegen er ansatt i 40% stilling og er medisinskfagleg rådgivar i kommunen. Ho har m.a ansvar for smittevernarbeidet, miljøretta helsevern og lovpålagte oppgåver innen psykisk helsevernlova. Kommuneoverlegen er i tillegg med i Konsultasjonsteamet til kommunen og har ansvar for helseundersøking av flyktningar som kjem direkte til Osterøy (familiegjenforeningar og kvoteflyktninger). Kommuneoverlegen deltar fast på leiarmøte og har også jevnlege møter med andre etater i kommunen, samt deltaking i Helseutvalet , UFAB (underutval for akuttmedisinsk beredskap) og Fagråd for kommuneoverleger i Nordhordland. Kommuneoverlegen er sekretær for samarbeidsutvalet mellom fastlegar og kommunen.

Koordinerande eining

Nøkkeltal for koordinerande eining	2015	2016	2017
Brukarar som er tildelt koordinator	59		34
Brukarar som ikkje har fått koordinator, eller der dette var uavklart	5		1
Brukarkoordinatorar	25		27
Tal på brukarar med aktiv individuell plan	50		34
Passive planar	9		33